



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 19.08.2014
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 12.08.2014

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 119/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 120/14	Protokoll frå førre møte
PS 121/14	Delegerte saker
PS 122/14	Referatsaker
PS 123/14	Heidring folkevalde
PS 124/14	Fosnavåg Konserthus AS - Forskottering av kulturbyggmidlar
PS 125/14	Økonomisk avslutning Tjørvåg kunstgrasbane.
PS 126/14	Oppretting av fast stilling i 50% som helsesøster
PS 127/14	Veterinærtenesta - tilskot 2015-2019
PS 128/14	Samanslåing av barnehageavdelinga og skuleavdelinga til ny felles oppvekstavdeling
PS 129/14	Ny barnehage indre Herøy - forprosjekt
PS 130/14	Søknad om ny/utvida lånegaranti frå Sunnmørsbadet AS
PS 131/14	Aksjeutviding - Sunnmørsbadet AS Delegerte saker frå avdelingane
DS 27/14	Oversending av skøyte for tinglysing gnr 12 bnr 157
DS 28/14	Kjøp av tomt i Dragsund 45/168 av Leif Ove Vorren Flatøy Referatsaker
RS 36/14	Varsel om oppstart av planarbeid - reguleringsendring Trolldalen
RS 37/14	Høyring - vurdering av innkrting av ferjestrekninga Volda-Lauvstad
RS 38/14	Høyring - anbod regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2016
RS 39/14	Rundskriv - Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018
RS 40/14	Opent brev til komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret
RS 41/14	Strategisk næringsplan

PS 119/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 120/14 Protokoll frå førre møte

PS 121/14 Delegerte saker

PS 122/14 Referatsaker



Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSP	Arkivsaknr:	2012/19
		Arkiv:	455

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
123/14	Formannskapet	19.08.2014
	Kommunestyret	28.08.2014

HEIDRING FOLKEVALDE

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre vedtek slike reglar for heidring av folkevalde:

1. Ved medlemmar av sitjande kommunestyre si gravferd skal det sendast krans. Med medlemmar meiner ein her faste medlemmer og medlem som i ein periode møter fast for representant som har permisjon.
2. Ved tidlegare ordførarar og varaordførarar si gravferd skal det sendast krans.
3. Ordførarar kan i spesielle tilfelle som ikkje vert dekt av reglane, sende blomar eller krans i høve gravferd.
4. Faste medlemmer som går ut av kommunestyret skal ha slik påskjønning:

Etter ei periode: Blomar til verdi av kr. 400.-

Etter to periodar: Sølvskje med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 800.-

Etter tre periodar: Krystallvase med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 1200.-

Etter fire periodar: Krystallskål med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi kr. 1600.-

Etter fem periodar: Slipsnål / Brosje i emalje med Herøy kommunevåpen, verdi kr. 2000.-

Etter meir enn fem periodar: Klokke til ein verdi av kr. 200.- per år ein har tenestegjort. Inngravert Herøy kommunevåpen og årstal for perioden på baksida.

5. Heidring for tenestetid gjeld faste medlemmar av kommunestyret samt varamedlemmar som minimum har hatt ein frammøteprosent 50% eller meir årleg.

6. Ansvar for oppfølging av regelverket ligg hos ordførar og gruppeleiarane i dei einskilde politiske partia.

7. Utgifter til heidring vert å dekkje over politisk leiing sitt budsjett.

Reglane gjeld frå vedtaksdato.

Særutskrift:
Fellessekretariatet
Ordførar
Varaordførar
Gruppeleiarane i dei politiske partia

Vedlegg:

1 Reglar for heidring av folkevalde

Saksopplysningar:

Formannskapet vedtok i F- sak 21/12 å velge Kjell Runde, Margareth Leinebø og Tine Storøy til å vere med i nemnd som skulle utarbeide nytt forslag til reglar for heidring av folkevalde. Personalleiar har vore sekretær i nemnda.

Nemnda har hatt nokre møter, og også kommunisert via e-post og telefon.

Nemnda har utarbeidd vedlagde forslag til reglar for heidring av folkevalde.

Noko som måtte avklarast i arbeidet, var design på og leverandør av slipsnål og brosjje. Via innkjøpskonsulenten vart to leverandører kontakta. Nemnda valde forslaget frå Gullsmid PF Waage i Ulsteinvik. Per juni 2014 er det stadfesta slike prisar:

Nål/brosje utan emalje: 1600kr med moms (1200 eks moms)

Nål/brosje med emalje: 2000kr med moms (1500 eks moms)

Det er inga prisforskjell om det vert bestilt etter behov, eller om det vert laga nokre eksemplar som vi har på lager.

Vurdering og konklusjon:

Vedlagde reglar er innanfor signala frå formannskapet. Det vert rådd til at kommunestyret vedtek reglane for heidring av folkevalde som dei ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Kostnader til heidring av folkevalde må innarbeidast i budsjett for 2015.

Fosnavåg, 20.06.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Birgitte Sævik Pedersen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Birgitte Sævik Pedersen



Reglar for heidring av folkevalde

1. Ved medlemmar av sitjande kommunestyre si gravferd skal det sendast krans. Med medlemmar meiner ein her faste medlemmer og medlem som i ein periode møter fast for representant som har permisjon.

2. Ved tidlegare ordførarar og varaordførar si gravferd skal det sendast krans.

3. Ordførar kan i spesielle tilfelle som ikkje vert dekt av reglane, sende blomar eller krans i høve gravferd.

4. Faste medlemmer som går ut av kommunestyret skal ha slik påskjøning:

Etter ei periode: Blomar til verdi av kr. 400.-

Etter to periodar: Sølvskje med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 800.-

Etter tre periodar: Krystallvase med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 1200.-

Etter fire periodar: Krystallskål med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi kr. 1600.-

Etter fem periodar: Slipsnål / Brosje i emalje med Herøy kommunevåpen, verdi kr. 2000.-

Etter meir enn fem periodar: Klokke til ein verdi av kr. 200.- per år ein har tenestegjort. Inngravert Herøy kommunevåpen og årstal for perioden på baksida.

5. Heidring for tenestetid gjeld faste medlemmar av kommunestyret samt varamedlemmar som minimum har hatt ein frammøteprosent 50% eller meir årleg.

6. Ansvaret for oppfølging av regelverket ligg hos ordførar og gruppeleiarane i dei einskilde politiske partia.

7. Utgifter til heidring vert å dekkje over politisk leiing sitt budsjett.



Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BHOL	Arkivsaknr:	2014/1220
		Arkiv:	D12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
124/14	Formannskapet	19.08.2014
	Kommunestyret	28.08.2014

FOSNAVÅG KONSERTHUS AS - FORSKOTTERING AV KULTURBYGGMIDLAR

Tilråding frå rådmannen:

1. Med atterhald om tilsagn av kulturbyggmidlar, forskotterer Herøy kommune tilsvarande tilsagnsbeløpet.
2. Dersom forskotteringa blir gjennomført må mindreinntektene/meirkostnadane med dette innarbeidast i budsjettet for 2015 (økonomiplan 2015-2018) som nytt driftstiltak.

Særutskrift:

- Fosnavåg konserthus AS
- Vest kontrollutvalssekretariat
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

- Førehandsgodkjenning Fosnavåg konserthus

Saksopplysningar:

Det er gitt ei førehandsgodkjenning for tildeling av kulturbyggmidlar til Fosnavåg Konserthus frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 22. april 2013. Signala frå fylkeskommuna tyder på ei tildeling på NOK 2,000,000. Dette er ikkje eit stadfesta beløp, og det eksakte beløpet vil bli gjort av Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal Fylkeskommune i september 2014. Fosnavåg Konserthus har søkt om NOK 5,000,000. Grunna ferdigstilling av Fosnavåg Konserthus i september 2014, samt eit tidsrom mellom tildeling av midlar og utbetaling frå fylkeskommuna, søker Fosnavåg Konserthus AS om forskottering av det omsøkte beløpet, med ei øvre grense på NOK 3,000,000.

Vurdering og konklusjon:

Fosnavåg konserthus AS ber om forskottering kun dersom fylkeskommunen vedtar å tildele midlar til konserthuset. Dersom konserthuset ikkje får kulturbyggmidlar vil det ikkje bli utbetalt forskottering. Sjølv om fylkeskommunen vedtar å tildele midlar er det uvisst når midlane vil bli utbetalt og om dei vil bli utbetalt samla. Dei vil ikkje bli utbetalt i år og mest truleg over to år.

Kommunen vil få redusert sine finansinntekter/auka sine finanskostnader i perioden frå kulturbyggmidlane vert forskottert til dei vert utbetalt. Kulturavdelinga finn finansiering til dette i sitt budsjett for 2014.

Konsekvensar for folkehelse:

Etablering av konserthus er viktig for innbyggjarar i og gjester til Herøy kommune. Satsinga aukar aktivitetstilbodet i kommunen, noko som har positive helseeffektar over tid. Samstundes vil etableringa av konserthuset auke attraktiviteten for sentrum, og med det møteplassar innbyggjarar og gjester imellom.

Konsekvensar for beredskap:

Kan ikkje sjå at denne saka har konsekvensar for beredskapen

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over det som allereie er budsjettert og planlagt

Konsekvensar for økonomi:

Dersom Herøy kommune forskotterer kulturbyggmidlar vil det få ein økonomisk konsekvens for kommunen. Herøy kommune sin likviditet er pressa, og dersom kommunen må nytte trekkretten i Danske Bank AS, eller ein må selje seg ned i aksje- og/eller obligasjonsmarknaden vil kommunen sine finansinntekter blir redusert med omlag kr 150.000,- per år dersom det må forskotterast 3 mill.

Fosnavåg, 04.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Eileen Gjerde
Avd.leiar

Sakshandsamar: Bjørn Holum

Kultur



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
g.n. 2013/271	saksbeh. AK
22 APR. 2013	
Ark.kode P	233
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 2
Kassasjon	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/271	28.02.2013	24695/2013/1515	Hege Merethe Gagnat, 71 25 88 91	18.04.2013

Førehandsgodkjenning Fosnavåg konserthus

Viser til innsendt søknad om førehandsgodkjenning av desentralisert kulturbygg – Fosnavåg konserthus, datert 28.02.2013. Utsnitt av teikningar i rett målestokk blei ettersendt i månadsskiftet mars/april.

Fylkeskommunen si oppgave i denne sammenhengen er førehandsgodkjenning med tanke på ein evt framtidig søknad om midlar frå *Desentralisert ordning for lokale kulturbygg*. Retningslinjene seier at der kulturhusfunksjonar er samlokaliserte med funksjonar som fell utanfor tilskotsordninga, der skal fylkeskommunen vere godkjenningssmynde. Fosnavåg Konserthus og kino er organisert som AS der Herøy kommune har aksjemajoritet. Kulturbygget skal vere samlokalisert med Fosnavåg Hotell.

Ei førhandsgodkjenning skal sjå til at bygget er planlagt utifrå reelle behov i lokalsamfunnet, at planane er i samsvar med dei funksjonelle krav som er stilt til denne type lokale, og at dei estetiske kvalitetane er ivaretatt for bygget i seg sjølv og i forhold til omgivnadene (utdrag frå retningslinjene). Fylkeskulturavdelinga vil poengtere retningslinjene si formulering om at denne førehandsgodkjenninga gjeld for funksjonen som kulturbygg.

Dette kulturbygget må sjåast i samheng med Herøy Kulturhus, da desse to bygga tydeleg utifrå behovsanalyse dekkjer ulike behov og i stor grad utfyller kvarandre. Ein viser til at aktuelle brukargrupper vil nytte konserthuset til større oppsettingar, medan kulturhuset i stor grad blir brukt til dagleg/ordinær aktivitet – spesielt retta mot barn og ungdom. Bygget vil også romme nye lokale for kinoen. Konsertsalen vil romme eit publikum på inntil 450 personar, medan kinoen vil ha plass til 91 personar.

Førebels er konserthuset og kinoen kostnadsrekna til 95,4 mill. Dette er i stor grad tenkt finansiert gjennom tilskot frå privat næringsliv, refundert mva, aksjekapital og tilskot frå Næringsforum (RDA-midlar). I kostnadsoppsettet har vi ikkje identifisert talfesting for reserve/uvisse, og ber utbyggar legge dette inn. Fylkeskommunen har gitt innspel om oppstramming av sjølve oppsettet i vidare arbeid. Den endelege vurderinga av økonomien frå Kulturavdelinga si side vil skje ved gjennomgang av eventuell framtidig søknad om spelemidlar.

Plan for forvaltning, drift og vedlikehald viser til leigeavtale og samarbeidsavtale der ansvar og økonomi er regulert. Leigeavtalen gjeld for 20 år med opsjon for ytterlegare 10 år.

Innsendte teikningar er å sjå på som førebelse skisser. Gjennom dialog med utbyggar og kommunal sakshandsamar har Kulturavdelinga gitt tilbakemelding på utforminga av bygget

vinteren 2012/2013. Av innsendte teikningar ser Kulturavdelinga no at garderobetilhøve og backstage-areal knytt til konsertsalen ser tilfredsstillande ut. Det er munnleg meldt redusert antal øvingsrom backstage, dette for å sikre større fleksibilitet. Undervegs har det også kome på plass ein flygelgarasje for oppbevaring av flygel i temperert rom når dette ikkje er i bruk.

Fylkeskommunen vil påpeike at arealet for mellomlagring og vareleveranse utanfor konsertsalen kan medføre konflikt i dagleg bruk. Utbyggar må ha i mente at det kan bli behov for mellomlagring av ei større mengde flightkasser/PA og liknande, og at dette må løysast på best mogleg måte frå første stund. Ein må også ha i mente at same areal skal nyttast til vareleveranse for hotellet.

I vidare arbeid med detaljteikningar ber vi utbyggar om å sikre at fleire viktige moment blir teke omsyn til og synleggjort:

- Klargjering av naudutgang frå backstage
- Berekne svingradius for rullestol på HC-toalett
- Sikre universell utforming/tilkomst i kinolokalet
- Sikre universell utforming av heile bygget, jfr PBL og forskrifter til denne

I dette arbeidet rår vi til at rådet for funksjonshemma og interessegrupper blir tekne med i arbeidet med utforming av bygget.

Med tanke på konsertsalen ser vi at det er avsatt midlar med tanke på akustikk og scenerigg. I behovsanalyse er det vist til at konsertsalen også er tiltenkt teaterframsyningar. Vi ber vi om at Teatret Vårt blir forelagt detaljplaner for sceneteknikk og utrusting av konsertsalen for uttale når prosjektet har kome så langt.

Med grunnlag i gjennomgangen ovanfor førehandsgodkjenner fylkeskulturavdelinga Fosnavåg Konserthus, kulturhusdelen på desse vilkåra:

- Ved detaljutforming av sceneteknikk/utrusting ber vi om at Teatret Vårt får uttale seg
- I vidare planarbeid rår vi til at rådet for funksjonshemma blir teke med i arbeidet for å sikre universell utforming av heile bygget

Oppdaterte teikningar i målestokk 1:200 skal sendast fylkeskulturavdelinga så snart desse er på plass for å bli påført godkjenningstempel og signatur

Med helsing

Arvid Blindheim
fylkeskultursjef

Hege Merethe Gagnat
rådgivar kulturformidling



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	TL	Arkivsaknr:	2012/1397
		Arkiv:	D11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
125/14	Formannskapet	19.08.2014
	Kommunestyret	28.08.2014

ØKONOMISK AVSLUTNING TJØRVÅG KUNSTGRASBANE.

Tilråding:

- 1.
2. Rekneskapan for bygging av Tjørvåg kunstgrasbane vert godkjent med eit totalt forbruk på 4.343.014 kroner.
3. Overforbruket på 633.014 kroner er dekt inn ved auka betaling frå andre.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Tjørvåg IL, v/Per Arne Lillenes, 6070 Tjørvåg

Vedlegg:

- Utskrift av rekneskapen

Bakgrunn for saka:

Tjørnvåg IL har i mange år hatt fotballbane med grusdekke i Stokksund. I K-sak 27/10 vart det vedteke etter avtale med Tjørnvåg IL at det skulle leggjast kunstgrasdekke på banen. Kommunestyret vedtok i samband med dette at Herøy kommune skulle overta eigarskapen til banen og vere byggherre for prosjektet, pkt. 2 i vedtaket. I F-sak 284/10 vart samarbeidsavtalen mellom Herøy kommune og Tjørnvåg Idrettslag godkjent. Offisiell opning av Tjørnvåg kunstgrasbane var laurdag 28. mai 2011.

Denne saka gjeld økonomisk avslutning av prosjektet.

Saksopplysningar:

Tjørnvåg kunstgrasbane har vore med i tertialrapporteringa til Herøy kommunestyre sidan prosjektet vart starta opp.

I K-sak 27/10 var det sett opp følgjande budsjett/finansiering:

Tekst	Kostnad utan mva.	Mva.	Kostnad (med mva.)
Totalt budsjettert kostnad for kunstgraslegging inkl. kjøp av traktor til drift/vedlikehald	3 200 000	800.000	4 000 000
Spelemidlar			1 553 000
Tilskot – RDA- midlar m.m.			1 000 000
Betaling frå andre			357.000
Dugnad i 2. byggesteg*)			290.000
Refusjon mva. ført attende til prosjektet			800.000
Fullfinansiering			4 000 000

*)Dugnad til ein verdi av 290.000 kroner i finansieringsplanen er vanskeleg å synleggjere i rekneskapen. Det er mest å sjå på som ei forventa innsparing i finansieringsplanen. Ein kan såleis sei at reell kostnad i finansieringsplanen var på 3.710.000 kroner.

Kostnaden med prosjektet (utanom verdi av dugnad som ikkje let seg talfeste) vart totalt 4.343.014,- kroner inkl. mva. Sjå vedlagt rekneskap. Reelt overforbruk i forhold til finansieringsplan(utanom antatt verdi av dugnad) vart 633.014 kroner. Meirforbruket skuldast m.a. uføresett kostnad med utskifting av topplaget på grusbana før legging av kunstgrasdekket og er dekt inn ved auka betaling frå andre.

Tilsegn om tildeling av spelemidlar til prosjektet vart sendt frå Møre og Romsdal fylkeskommune 22.06.11. Første del av spelemidlane på kr. 788.000,- vart innbetalt til Herøy kommune i 2013. Resterande del av spelemidlane vil bli søkt utbetalt når rekneskapen på prosjektet er godkjent av kommunestyret og revisor.

Vurdering og konklusjon:

Toppdekket på grusbana hadde for liten tjukkeleik og når ein starta arbeidet med høvling/avretting av toppdekket kom ein ned på pukklaget. Dette førte til at ein måtte legge nytt grusdekke på banen før ein kunne legge ut «pad» (dempelag) og kunstgras.

Tjørnvåg kunstgrasbane vart offisielt opna og teken i bruk 28.05.11. Kunstgrasbana er utbygd med topp standard kunstgras og er mykje brukt av Tjørnvåg Idrettslag og av elevane ved Stokksund skule.

Herøy kommune og Tjørnvåg IL har hatt eit godt samarbeid i heile byggeprosessen og anleggsperioden. Medlemene i idrettslaget har bidrege med ein stor dugnadsinnsats i samband med realiseringa av kunstgrasbanen.

Konsekvensar for folkehelse:

Kunstgrasbanene kan nyttast til fotball og anna aktivitet heile året, så sant den vert brøytta for snø. All forskning viser at aktiv trening og leik fører til forbetring av folkehelsa hjå innbyggjarane i kommunen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjente.

Konsekvensar for drift:

Etter at kunstgrasbana er bygd har kommunen v/anleggs- og driftsavdelinga og Tjørnvåg IL oppretta avtale om vedlikehald av kunstgrasbanen. Avtalen inneber at kommunen kjøper vedlikehaldstenester for 75.000 kroner årleg frå Tjørnvåg IL. Dette er rekna som ein normal årskostnad for vedlikehald av kunstgrasbaner.

Fosnavåg, 29.04.20134

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd. leiar

Sakshandsamar: Tore Langvatn

Konto	Konto (T)	Prosjekt	Prosjekt (T)	Beløp	Budsjett m/endr.
0	01703 Reiseutgifter, ikke oppgavepl.	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	2 092,00	0,00
1	02300 Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	651 502,55	4 000 000,00
2	02500 Materialer til nybygg/nyanlegg	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	2 821 311,60	0,00
3	04290 Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	868 108,35	0,00
	Utgifter			4 343 014,50	4 000 000,00
4	05480 Avsetninger til ubundne investeringsfond	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	0,00	1 553 000,00
10	09480 Bruk av ubunde investeringsfond	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	-1 553 000,00	-1 553 000,00
5	07280 MOMSKOMPENSASJON INVESTERING	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	-137 391,75	0,00
6	07700 Refusjon fra andre (private)	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	-921 906,15	0,00
7	08100 Overføring fra staten	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	0,00	-1 553 000,00
8	08800 Overføring vedr. RDA-midler	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	-1 000 000,00	-1 000 000,00
9	08900 Overføringer fra andre (private)	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	0,00	-647 000,00
	Herøy kommune har dekket	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	-181 149,60	
11	09700 Overføring fra drift	51007	KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	-549 567,00	-800 000,00
Σ	Inntekter			-4 343 014,50	-4 000 000,00



Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2014/725
		Arkiv:	412

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/14	Komite for Helse og omsorg	12.06.2014
126/14	Formannskapet	19.08.2014
	Kommunestyret	28.08.2014

OPPRETTING AV FAST STILLING I 50% SOM HELSESØSTER

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 12.06.2014

Herøy kommune opprettar fast 50% stilling som helsesøster ved førebyggjande seksjon i Barn-, familie- og helseavdelinga. Stillinga vert finansiert ved dei særskilt prioriterte midla til fagområdet («Støre-midla»)

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommune opprettar fast 50% stilling som helsesøster ved førebyggjande seksjon i Barn-, familie- og helseavdelinga. Stillinga vert finansiert ved dei særskilt prioriterte midla til fagområdet («Støre-midla»)

Særutskrift: Barn-, familie- og helseleiar
Leiande helsesøster
Personal- og organisasjonsavdelinga

Vedlegg:

Ingen

Saksopplysningar:

I statsbudsjettet for 2014 vart helsestasjons- og skulehelsetenesta særskilt prioritert ved at det vart avsett samla 180 mill. kroner ekstra til dette området. For Herøy kommune utgjorde dette om lag kr. 300.000. i 2014. I samband med handsaminga av budsjettet i kommunen vart midlane sat av til formålet.

Kommunen har tidlegare søkt og fått innvilga frå Helsetilsynet midlar til styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta, sjå sak 2013/854. For desse midlane oppretta vi ei 20% midlertidig stilling og tilsette helsesøster. Denne midlertidige stillinga vert ikkje vidareført etter at denne faste stillinga er oppretta.

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig å styrke helsestasjon og skulehelsetenesta, særleg i eit førebyggjande perspektiv. Det er og viktig at helsesøster kan verte meir til stades i skulene og følgje opp enkeltelever. Med oppretting av ein 50% fast heimel innan området vert tenesta styrka til beste for barn og unge.

Konsekvensar for folkehelse:

På lenge sikt regner ein med at det vil ha positiv effekt på folkehelsa, og då særleg for dei utsette barna.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilte konsekvensar

Konsekvensar for drift:

Ved denne styrkinga av drifta vil ein mellom anna kunne drive det tverrfaglege arbeidet i kommunen på ein enda betre måte i tillegg til at tenesten til barn og unge vert betre.

Fosnavåg, 30.05.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EKRU	Arkivsaknr:	2014/1051
		Arkiv:	V50

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
33/14	Komite for næring, kultur og idrett	14.08.2014
127/14	Formannskapet	19.08.2014
	Kommunestyret	28.08.2014

VETERINÆRTENESTA - TILSKOT 2015-2019

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 14.08.2014

For å medverke til å sikre kompetanse og kapasitet i veterinærtenesta for Hareid, Herøy, Sande og Ulstein når kommuneveterinær John Osnes går av med pensjon, vil desse kommunane gi eit driftstilskot til veterinærane som dagleg har teneste på Veterinærkontoret.

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Samla driftstilskot for Hareid, Ulstein, Sande og Herøy kommunar vert sett til kr 300 000,-. Herøy kommune sin andel er 25% av samla driftstilskot, totalt kr 75.000,-. Driftstilskotet vert regulert årleg i tråd med endring i konsumprisindeksen, og skal gjelde for 5 år frå 01.01.2015.
2. Stimuleringsstilskotet (statleg) som kan bli tildelt etter søknad for kvart år, vert overført direkte til veterinærane. Av administrasjonstilskotet går kr 10 000 til Ulstein kommune som «vertskommune», resten til veterinærane.
3. Ordninga med driftstilskot opphøyrer 31.12.2019 med mindre ikkje vesentlege endringar i driftsvilkår og finansiering kjem til i perioden.

Tilråding frå rådmannen:

For å medverke til å sikre kompetanse og kapasitet i veterinærtenesta for Hareid, Herøy, Sande og Ulstein når kommuneveterinær John Osnes går av med pensjon, vil desse kommunane gi eit driftstilskot til veterinærane som dagleg har teneste på Veterinærkontoret.

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

4. Samla driftstilskot for Hareid, Ulstein, Sande og Herøy kommunar vert sett til kr 300 000,-. Herøy kommune sin andel er 25% av samla driftstilskot, totalt kr 75.000,-. Driftstilskotet vert regulert årleg i tråd med endring i konsumprisindeksen, og skal gjelde for 5 år frå 01.01.2015.
5. Stimuleringstilskotet (statleg) som kan bli tildelt etter søknad for kvart år, vert overført direkte til veterinærane. Av administrasjonstilskotet går kr 10 000 til Ulstein kommune som «vertskommune», resten til veterinærane.
6. Ordninga med driftstilskot opphøyrer 31.12.2019 med mindre ikkje vesentlege endringar i driftsvilkår og finansiering kjem til i perioden.

Særutskrift:
Hareid kommune
Ulstein kommune
Sande kommune
Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

1. Seier opp stillinga som kommuneveterinær i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.
2. Søknad om veterinært driftstilskot
3. Husdyrtal Hareid, Ulstein, Herøy 2013
4. Husdyrtal Sande 2013

Saksopplysningar:

Saka er utarbeida likelydande for alle dei involverte kommunane, med rådmann i Ulstein som sakshandsamar.

* * *

Kommuneveterinær John Osnes melde i brev av 25.01.2014 at han seier opp stillinga si med verknad frå 01.09.2014 og tek ut pensjon. Han held fram som 1 av 4 i klinisk veterinæravakt etter avtale gjort i 2013 og som går fram til september 2017. Stillinga som kommuneveterinær vart oppretta av Hareid og Ulstein i 1979 og frå 1984 vart Herøy og Sande også med. Desse fire kommunane utgjer eit veterinærdistrikt. John Osnes har i brevet gjeve eit kort historisk oversyn med bakgrunn og utvikling for denne stillinga. Han viser til kva som er stoda i nærliggande og samanliknbare kommunar/vaktdistrikt etter at kommuneveterinær slutta og stillingane vart nedlagde.

Etter lov om «veterinærer og annet dyrehelsepersonell» av 15.06.2001 har kommunane etter § 3a ansvar for å syte for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell (produksjonsdyr, smådyr/kjæledyr) og har ansvar for å organisere klinisk veterinæravakt utanom ordinær arbeidstid.

Som også skissert av John Osnes opnar det seg minst tre alternative vegval:

- 1) Stilling som kommuneveterinær vert oppretthalden og lyst ut,
- 2) stillinga vert nedlagt og det blir satsa på at veterinærane har kapasitet og god nok inntening til å drive veterinærtenestene i distriktet utan særlege stimuli/økonomisk hjelp frå kommunane,
- 3) kommunane gir driftstilskot som kan sikre at veterinærane har god nok økonomi og kapasitet til å gi ei tenleg og god teneste.

Dette er bakgrunnen for at saka kjem opp til behandling i dei fire samarbeidande kommunane. Det er avtala at Ulstein lagar eit felles saksframlegg.

Utanom kommuneveterinæren som har vore finansiert av kommunane (sjå om fordeling av kostnadane i Osnes sitt brev) gir staten tilskot, som: Vakttilskot, administrasjonstilskot og stimuleringstilskot. For å jamne ut kostnadane mellom husdyrprodusentar som brukar veterinærtenestester kan det etter søknad bli gjeve tilskot til å dekkje reiseutgifter og reisetillegg som kompensasjon for reisetid. Vakttilskot for 2013 var 687 607 kroner, administrasjonstilskot 27 640 kroner, samla til vårt distrikt 715 247 kroner. Stimuleringstilskotet (midlar til tiltak for å sikre tilgang

på veterinærtenester i kommunar med dårleg næringsgrunnlag – få dyr, lange avstandar m.m.) for 2014 er 84 500 kroner.

Innteninga for veterinærane kjem i hovudsak frå behandlingshonorar, på dagtid 08.00-16.00 på virkedagar og betaling for behandling også andre tider på døgnnet og i helgane. Veterinærane må halde eigen bil, utstyr, kontor- og behandlingsrom, kontorutgifter m.m.

Husdyrtalet (produksjonsdyr (kyr, sauer)) har gått mykje ned dei siste 5-6 åra, og av oversikt for 2012 og 2013 (sjå vedlegg) er det framleis nedgang. Veksande tal på smådyr/kjæledyr kan seiast å bere oppe ei veterinærteneste som er god for alt dyrehald. Sjå i søknaden datert 28.05. 2014 frå veterinærane om liten inntekt for den som har dagpraksis produksjonsdyr, «meir og rekne som ei uløna vaktteneste fram til den betalte vakta tek over frå kl 16». Sjå vidare om utgifts- og inntektsside i søknaden under «Bakgrunn for søknad om driftstilskot».

Som vist til har kommunane plikt til å sikre tilfredstillande veterinærteneste/dyrehelseteneste også for smådyr. Kva som er «tilfredsstillande» vil det i mangel av klare standardar vere ulike meiningar om, og gjeld både lokale, utstyr, tilgjenge/kapasitet og kompetanse. Ut over ein minstestandard vil brukarane sine behov og ønskje, kva dei etterspør, kva som er muleg og forsvarleg, - styre veterinærane sin praksis, kompetanseutvikling og kva dei held seg med av utstyr.

Om kommunane bør gi direkte hjelp for å sikre eit tilbod som er betre enn minstestandarden ved å gi eit driftstilskot, bør i vår sak sjåast i samanheng med om det sikrar ei god nok teneste også til dei som har produksjonsdyr. At etterspurnaden etter hjelp til kjæledyr har auka er ikkje fordi eigarane lever av desse, men heller for sine smådyr. For mange er det i vår tid eit tilskot til god helse, mentalt og fysisk. Det auka behovet har gitt grunnlag for å bygge ny smådyrsklinikk, utstyre den godt, og det har gjort at bemanninga har vore god nok til å sikre utrykking til dei som held produksjonsdyr også på dagtid kvardagane.

Når kommuneveterinæren går av med pensjon, vil det merkast både på kapasitet og kompetanse. Med same produksjon kan dei to veterinærane få betre inntening kvar for seg. Vakta på dagtid 0800-1600 vil framleis gi varierende, men liten inntekt pga få utrykningar. Og det er i liten grad muleg at den som har dagpraksis for produksjonsdyr kan ta seg av smådyr på same tid. For å kunne imøtekomme behovet på smådyrssida kan det bli nødvendig å tilsetje fleire veterinærar. Alt no arbeider assistentar i vel 100 % stilling til saman. Desse eller utviding av slik hjelp vil ikkje kunne erstatte bortfallet av kommuneveterinær-ressursen.

Som det går fram av brevet frå John Osnes, vert det stadig færre veterinærar som har fast stilling i kommunen. Nokre stadar er det oppretta driftstilskot til privatpraktiserande veterinærar, andre stadar ikkje. Eg vil ikkje å tilrå at kommuneveterinær-heimelen vert vidareført, men argumenterer for at kommunane gir eit driftstilskot ei periode framover.

Vurdering og konklusjon:

Eg vurderer det slik at ein ny veterinær knytta til Veterinærkontoret i Ulsteinvik ikkje er aktuelt med det første, - meir truleg kjøp av veterinærtenester frå andre distrikt/privatpraktiserande veterinærar. Eit driftstilskot som alternativ til å vidareføre stilling som kommuneveterinær, vil gjere dette muleg økonomisk å kjøpe hjelp i periodar og iallfall på mellomlang sikt garantere kapasitet og kompetanse for alt dyrehald i distriktet.

Lønn, arbeidsgjevaravgift, pensjonskostnader, kontorleige og kontorutgifter utgjer nærare/omlag 600 000 kr pr. år no (540 000 i 2012). Kostnadane har vore fordelt slik: 37 % Ulstein, 25 % på kvar Hareid og Herøy, 13 % Sande. Sande sitt lave bidrag, sjå forklaring i brevet til Osnes. Vakttilskot går til dei som har avtale om beredsskapsvakt utanom dagtid som før, Stimuleringstilskotet (for 2014 vel 84 000 kr) vert å dele likt mellom dei to veterinærane. Av administrasjonstilskotet vil eg tilrå at Ulstein kommune som «vertskommune» får 10 000 kr, resten (for 2014 ca. 17 500 kr) går til deling mellom veterinærane, alternativt til den som fører vaktlister m.m. Med fråtrekk for stimuleringstilskotet og veterinærane sin del av administrasjonstilskotet, kan då kommunane sitt direkte bidrag setjast til 300 000 kr. Alle kommunane med unntak for Sande får då redusert sine utgifter til veterinætenesta. Historiske og andre grunnar for Ulstein sin del no på 37 %, er etter mitt syn ikkje gangbare lenger.

Eit driftstilskot med slik grunngjeving som er vist, bør vare i minst 5 år for å gi tryggleik og føreseielege vilkår for dei som driv tenesta. Tilskotet kan justerast kvart år i tråd med endring i konsumprisindeksen.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 01.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Sakshandsamar: Einar Vik Aarset, rådmann i Ulstein kommune

Kommuneveterinær
John Osnes
Støyleråsa 28
6065 Ulsteinvik

Ulsteinvik 25.01.2014

Hareid kommune v/ ordfører og rådmann
Herøy kommune v/ ordfører og rådmann
Sande kommune v/ ordfører og rådmann
Ulstein kommune v/ ordfører, rådmann, kommuneoverlege, økonomikontor.

OPPSEIING AV KOMMUNEVETERINÆRSTILLINGA I HAREID, HERØY, SANDE OG ULSTEIN / NOTAT OM STILLINGA.

Eg fyller 67 år i april og har bestemt meg for å ta pensjon. Etter dei nye pensjonsreglane er det noko som heiter levealdersjustering; dvs at ettersom eg er fødd i 1947, må eg arbeide i 4 månader lenger enn fylte 67 år for å få full pensjon. Pensjonen blir rekna frå månaden etter at ein fyller år. Eg må såleis stå i stillinga ut august 2014. Eg seier såleis opp kommuneveterinærstillinga og tek ut pensjon frå 1. september 2014.

LITT HISTORIKK

Fram til år 1900 var det berre 1 veterinær i Møre og Romsdal fylke; eller Romsdals amt som det heitte den gongen. Det var amtsdyrlegen i Molde. Like etter århundreskiftet vart det gjort vedtak om å opprette 12 distriktveterinærstillingar i amtet. Distriktveterinærstillinga i vår region vart oppretta i 1914, men p.g.a. mangel på veterinærar vart ingen tilsett i stillinga. Den første som vart tilsett i stillinga, var ein dansk veterinær som heitte Schouenborg. Han var her ein kort periode, og reiste så til Bornholm. Seinare vart han byveterinær i København. I 1926 vart Jan Leite frå Ålesund tilsett som distriktveterinær. Han sto i stillinga i 41 år til 1967. I 1967 tok Gunnar Waldal Eide til som distriktveterinær. I 1979 var Eide sliten av å gå eindelt vakt som veterinær, og han gjekk i bresjen for å få oppretta ei kommuneveterinærstilling. Stillinga vart oppretta, og underteikna vart tilsett som kommuneveterinær. Distriktveterinær Eide slutta i 1984 og flytta til Bergen, då han vart tilsett som fylkesveterinær i Hordaland og Sogn og Fjordane. Veterinær Lars Omenås vart tilsett som distriktveterinær, og sto i stillinga fram til 2004, då Mattilsynet vart oppretta og distriktveterinærene vart lagt under denne etaten. I 2005 tok Henriette Wiik Larsen til som privatpraktiserande veterinær ved Veterinærkontoret, og i 2013 tok Maria Hjørungdal Bigset til som privatpraktiserande veterinær ved Veterinærkontoret.

KOMMUNEVETERINÆRSTILLINGA

Stillinga som kommuneveterinær vart som nemnt oppretta i 1979, og var eit samarbeid mellom kommunane Hareid og Ulstein. Ettersom kommuneveterinæren også hadde praksis i Herøy og Sande, vart det i 1984 teke opp forhandlingar med desse kommunane for å få dei med i kommuneveterinærordninga. Det vart oppnådd semje i desse forhandlingane; både om lønsplassering og fordeling av utgiftene.

Utgiftene vart fordelte på fylgjande måte: Hareid 25%, Herøy 25%, Sande 12,5%, og Ulstein 37,5%. Nyordninga skulle gjelde frå 01.01.1985. Den prosentvise fordelinga vart grunngeven med at den gongen låg fastlandsdelen av Sande og øyane i Sande under Vanylven veterinærdistrikt. Seinare vart grensene for veterinærdistriktet endra, slik at dei i dag samsvarar med kommunegrensene som kommuneveterinæren arbeider i, men utan at stillingsprosenten som Sande betalar, vart auka. At Ulstein måtte ta på seg den største stillingsprosenten, vart grunngeven med at kommuneveterinæren var busett i Ulstein og denne kommunen fekk skattepengane.

UNORMERT STILLING

Det vart oppretta mange kommuneveterinærstillingar rundt om i Noreg på 1970 - og 1980-talet; særleg på Vestlandet og i Nord Noreg. På det meste var det omlag 150 slike stillingar i landet. Men ettersom dette er unormerte stillingar og ikkje lovpålagde stillingar for kommunane, har talet på kommuneveterinærstillingar gått kraftig ned p.g.a. dårlegare kommuneøkonomi. I dag er det berre mellom 20-30 slike stillingar att. Stillingane har blitt nedlagde i samband med at kommuneveterinæren har slutta eller har gått av med pensjon. Det har ved fleire høve også vore på tale å legge ned kommuneveterinærstillinga i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein, utan at det har blitt ein realitet.

SITUASJONEN PÅ SUNNMØRE

Det kan vere av interesse å opplyse om situasjonen elles på Sunnmøre. Kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein har felles kommuneveterinær, som er løna i det kommunale lønsregulativet. Kommuneveterinærstillinga i Vanylven vart lagd ned i 2004 då kommuneveterinæren slutta. I dag betalar Vanylven eit driftstilskot til dei to privatpraktiserande veterinærane med 100.000 kroner til kvar. Kommuneveterinærstillinga i Volda og Ørsta vart lagd ned for ein del år sidan. I dag betalar Volda og Ørsta eit driftstilskot til dei 3 privatpraktiserande veterinærane med 105.000 kroner til kvar. I Stranda og Sykkylven vart kommuneveterinærstillinga lagt ned for eit par år sidan då kommuneveterinæren gjekk av med pensjon. Stranda og Sykkylven kommuner betalar i dag eit driftstilskot på 200.000 til kvar av dei 2 privatpraktiserande veterinærane. Nordal kommune har kommuneveterinær som blir løna i det kommunale regulativ omlag som i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. På Nordre Sunnmøre er det ingen av kommunane som har kommuneveterinær eller som gir driftstilskot.

KOSTNADEN MED KOMMUNEVETERINÆRSTILLINGA

Stillinga er plassert i stillingskode 719600 i det kommunale lønsregulativ. Dette tilsvarar ei bruttoløn på pr. dato på 350.700 kroner. Den totale kostnaden med kommuneveterinærstillinga var i 2012 (siste rekneskapsår) 540.000. Dette inkluderer løn, pensjonsutgifter, arbeidsgivaravgift, husleige og kontorutgifter. Dette gir fylgjande fordeling av utgiftene mellom kommunane: Hareid 136.000, Herøy 136.000, Sande 68.000 og Ulstein 200.000. Ulstein kommune har i alle år vederlagsfritt stått for budsjettarbeidet med stillinga, føring av rekneskapan, lønsutbetalingane m.m.

KONTOR TIL KOMMUNEVETERINÆREN

Heilt sidan kommuneveterinærstillinga vart oppretta i 1979, har leigearealet till kontorhald vore på 40 rutemeter. Den første tida var kontoret på brannstasjonen i Ulsteinvik. Seinare i Forretningsgarden i Ulsteinvik. Då Ulstein kommunale everk (Ulstein Energi) bygde nybygg i Saunesmarka, vart kommuneveterinæren leigetakar. Seinare vart Tussa eigar av bygget, og enno seinare vart bygget selt til Rome AS. I samband med at bygget i Saunesmarka vart ombygd og utleigd til Kongsberggruppen, vart kommuneveterinæren oppsagd og måtte flytte ut. Siste året har kommuneveterinæren hatt kontor i den nybygde smådyrklubben i Saunesmarka. Leigekontrakta er inngått mellom Ulstein eigerselskap og La-Te Eigedom DA. Kontrakta har ei oppseiingstid på 6 månader.

VAKTORDNING / VAKT UTANOM ORDINÆR ARBEIDSTID

Fram til 2005, i 26 år, gjekk kommuneveterinæren 2-delt vakt. I 2005 vart vakta 3-delt, og frå 2013 vart vakta 4-delt. Ved 2 høve etter år 2000 har veterinærene gått til streik p.g.a. misnøye med vaktbetalinga. Det er staten som hadde ansvaret for veterinærvaktene og betaling for desse. Frå 01.01. 2008 vart ansvaret for veterinærvaktene overført frå staten til kommunane, men slik at staten refunderer 100% av kostnaden med vaktene til kommunane. Tidlegare forhandla Den Norske Veterinærforening og staten om fastsetting av betaling for vaktene. Frå 2008 vart Kommunenes sentralforbund (KS) forhandlingspart. I 2013 gjorde KS vedtak om at veterinærvaktene i kvart vaktområde skulle ut på tilbod. Vårt vaktområde omfattar kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. Det vart skriva kontrakt med 4 veterinærar om veterinærvakt i vårt vaktområde. Dei 4 veterinærene er: Henriette Wiik Larsen, Maria Hjørungdal Bigset, Lars Omenås og John Osnes. Ei veterinærvakt gjeld på kvardagar frå 16.00 på ettermiddag til 08.00 morgonen etter, laurdag og søndag, helgedagar og off. høgtidsdagar. Vaktene gjeld både for husdyr og kjæledyr. Det er omlag 120 vaktområde i Noreg. Kvart vaktområde blir tilført omlag 600.000 kroner årleg frå staten. Med 4-delt vakt gir dette ei godtgjering på 150.000 kroner pr. veterinær som er med i vakta. Ulstein kommune administrerer veterinærvakta i vårt område; oppsetting av vaktlister og utbetaling av vaktgodtgjerdse.

STIMULERINGSTILTAK

Samstundes med at veterinærvakta vart overført frå staten til kommunane, vart det også gjort vedtak om at det skulle ytast stimuleringsstiltak til vaktområde med lite dyretal og dåleg inntjeningsevne for veterinærene. Kommunane må søkje om stimuleringsstiltak, og i vårt vaktområde er det Ulstein kommune som har gjort dette arbeidet i samarbeid med veterinærene. Vårt vaktområde har årleg fått tildelt 80.000 kroner i stimuleringsstiltak. Grunngevinga frå staten for å gi vårt vaktområde denne stønaden, er at vi har praksisen på øyane i Sande kommune med lange ferjereiser, bruk av skyssbåt og stort tidsforbruk. Dei 80.000 kronene har blitt fordelt på følgjande vis: 40.000 har gått til den privatpraktiserande veterinæren Henriette Wiik Larsen, og 40.000 har gått til kommunane for å styrke kommuneveterinærbudsjettet. Dersom kommuneveterinærstillinga skulle bli lagd ned, bør stimuleringspengane delast med 40.000 på kvar av dei to privatpraktiserande veterinærene.

UTVIKLINGA I VETERINÆRPRAKSISEN

Det har vore ei stor endring i veterinærpraksisen på dei 35 åra sidan eg tok til som kommuneveterinær. I 1979 var det husdyr på mest kvart einaste bruk i heile distriktet, og veterinærpraksisen var nær 100% husdyrpraksis. Dette har endra seg dramatisk. Distriktveterinær Gunnar Waldal Eide og underteikna starta ein liten smådyrpraksis i kjellaren til Eide sitt bustadhus på Hofsethaugen i 1980. Opningstida var 2 timar kvar mandagskveld. Seinare har trenden berre forsterka seg: Mindre og mindre husdyrpraksis og meir og meir smådyrpraksis. Særleg dei siste åra har mange bønder avvikla husdyrbruket. Det ser ut som bondeyrket med lite inntjening, lite fritid og lange arbeidsdagar blir taparen i vår oljeøkonomi. Samstundes som husdyrpraksisen har gått krafitt ned, har smådyrpraksisen gått kraftig opp. Veterinærane opna såleis i fjor ein ny og moderne smådyrklinikk i Saunesmarka i Ulsteinvik. Utan auken i smådyrpraksisen hadde det ikkje vore innteksgrunnlag for veterinærane. Dette er også med til å sikre ei forsvarleg vaktordning både for husdyr og kjæledyr.

MOGELEGE VEGVAL

Slik eg ser situasjonen no, har kommunane 3 mogelege val. Ein kan lyse ut kommuneveterinærstillinga på nytt. Då meiner eg stillinga bør delast i 2 stillingsheimlar, slik at dei to privatpraktiserande veterinærane får kvar si stilling. Ein kan la vere å lyse ut kommuneveterinærstillinga på nytt. Då er i praksis stillinga nedlagt. Det ein då må passe på, er at Ulstein eigerselskap seier opp leigekontrakta for kontorlokala til kommuneveterinæren med La-Te Eigedom DA innan 1.mars.

Det andre ein kan gjere, er å opprette driftstilskot til dei to privatpraktiserande veterinærane. Då er ein på line med dei andre kommunane sør om Storfjorden.

Det tredje alternativet er å ikkje yte økonomisk stønad til veterinærane i det heile. Då er ein på line med kommunane på nordre Sunnmøre.

Det er klart at økonomisk stønad til veterinærane i ei eller anna form, vil vere med på å sikre stabil veterinærdekning i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein også i framtida.


Dei 4 samarbeidande kommunane bør diskutere desse spørsmåla snarast råd.

SLUTTKOMMENTAR.

Avslutningsvis vil eg takke kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein for godt samarbeid gjennom 35 år. Særleg vil eg takke Ulstein kommune som har hatt arbeidsgivaransvaret for stillinga mi. Det har vore 35 år med lange vakter, mykje kveldsarbeid, nattearbeid og helgearbeid. Det har vore mange både dramatiske og humoristiske episodar, men arbeidet har aldri vore kjedeleg. Kan hende er eg pr. dags dato den som er best kjend på Ytre Søre både når det gjeld dyr, folk og natur.

Beste helsing

John Osnes



Veterinær Henriette Wiik Larsen AS

Vikemyra 6

6065 Ulsteinvik

E-post: henriette.wiik.larsen@gmail.com

Mobil: 91320593

Org.nr: 912179427

Hareid, Herøy, Sande og Ulstein kommunar

v/Ulstein Kommune

Pb 143

6067 Ulsteinvik

Ulsteinvik, 28/5-14

Søknad om veterinært driftstilskot frå kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Refererer til møte 21/5-14 ved Helsestasjonen, Reiten mellom veterinærane og kommunen ang oppseiing av kommuneveterinærstillinga og diskusjon av framtidige løysingar.

Ut ifrå møtet vart det oppfatta at den ordinære kommuneveterinærstillinga lite truleg vert vidareført. På bakgrunn av dette søkjast det om driftstilskot for drifta av veterinærpraksisen i kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Bakgrunn for søknad om driftstilskot:

1. Produksjonspraksisen har hatt ein tydeleg nedgang dei siste åra, og det vert stadig mindre å gjere for den som køyrer stordyrpraksis. Det er ikkje uvanleg at det er 1-2 besøk pr dag. Dagpraksisen vert då meir og rekne som ei uløna vaktteneste fram til den betalte vakta tek over frå kl 16. Dette hindrar oss også ifrå å sette opp avtaler med garantert inntekt.
2. Dårligare inntektsgrunnlag for stordyrpraksis med auka kostnader til t.d. bil og drivstoff. Færre turar pr køyrerunde gir mindre inntekt pr køyrt km og pr time. Dette kan ikkje hentast inn att på honoraret, då vi opererer med flat takst overfor bøndene.
3. Eit godt tilbod til kjæledyreigarane i kommunane betyr mykje for innbyggjarane. Vi prøver å etterkomme den auka marknaden på smådyrpraksisen ved å bygge ein ny og moderne veterinærklinikk i Saunesmarka med moglegheiter for utviding av tilbodet på sikt. Med auka husleige og lønnskostnader til tilsette, har dette blitt mykje meir kostnadsdrivande enn tidlegare. Vi har i tillegg investert i moderne utstyr som vi meiner er naudsynt å ha tilgjengeleg for å betre diagnostikk moglegheitene for smådyr, t. d. digitalt røntgenapparat.
4. Den auka marknaden krever også kontinuerleg kompetanseheving, noko som også kostar mykje.
5. Auka kostnader til medisiner og utstyr/materiell.

Kommunane plikter og sørge for å ha tilbud om veterinærtenester for innbyggjarane (viser til lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell, kapittel 1, §3a Kommunens ansvar). På bakgrunn av det overnevnde ser vi på det som ei føremon for stabiliteten av veterinærpraksisen at vi får stønad frå kommunane i form av eit driftstilskot. Nyrekruttering er ei utfordring i denne bransjen, særleg i distrikta, og denne stønaden har også betydning i samband med dette.

Slik det er no har vi vakttilskot frå kl 16 til kl 08, men ikkje på dagtid mellom kl 08 og 16. I tillegg er der eit administrasjonstilskot til den som fører vaktlistene (på totalt om lag kr 40 000, der 10 000 av desse går til Ulstein kommune), og eit stimuleringstilskot på om lag kr 80 000 utbetalt på bakgrunn av dårleg kommunikasjon og stort tidsbruk til øyane i Sande kommune.

Vi søker om eit tilskot som bør liggje fast ikkje mindre enn 5 år. Dette pga indeksregulering (f.eks etter endring i konsumprisindeksen). Tilskotet vil verte fordelt likt på dei veterinærane som til daglig jobbar ved Veterinærkontoret i Ulsteinvik.

Ettersender reknskap for 2013.

Med helsing

Henriette Wiik Larsen

Maria Hjørungdal Bigset

HUSDYRTAL (MEDEL 1.1. OG 31.7)	2013	2012
HERØY		
Hest (115-116)	8	9
Mjølkekyr (120)	45	47
Ammekyr (121)	18	31
Voksne sauer over 1 år (137)	1382	1513
Sauer under 1 år (138)	1163	1059
Utegangarsau pr.1.1 (147)	187	228
Bukkar og ungdyr, medrekna kje (144)	2	1
Avlspurker (155)	0	0
Avlsråner (156)	0	0
Ungpurker (over 6. mnd. bestemt for avl) (158)	0	0
Ungråner (over 6. mnd. bestemt for avl) (159)	0	0
Smågris under 2 mnd. (154)	0	0
Griser selde, slakt, livdyr (184)	0	0
Verpehøns over 20 veker (160)	15063	15063
Kaniner (meir enn 1 kull) (180)	1	0

HUSDYRTAL (MEDEL 1.1. OG 31.7)	2013	2012
ULSTEIN		
Hest (115-116)	9	11
Mjølkekyr (120)	141	163
Ammekyr (121)	42	33
Voksne sauer over 1 år (137)	410	407
Sauer under 1 år (138)	355	360
Utegangarsau pr.1.1 (147)	58	119
Bukkar og ungdyr, medrekna kje (144)	0	3
Avlspurker (155)	17	13
Avlstråner (156)	1	1
Ungpurker (over 6. mnd. bestemt for avl) (158)	3	4
Ungråner (over 6. mnd. bestemt for avl) (159)	0	1
Smågris under 2 mnd. (154)	41	16
Griser selde, slakt, livdyr (184)	252	267
Verpehøns over 20 veker (160)	9	7
Kaniner (meir enn 1 kull) (180)	0	0
Lama (181)	5	5

HUSDYRTAL (MEDEL 1.1. OG 31.7)	2013	2012
HAREID		
Hest (115-116)	33	57
Mjølkekyr (120)	82	81
Ammekyr (121)	1	0
Voksne sauer over 1 år (137)	193	248
Sauer under 1 år (138)	193	228
Utegangarsau pr.1.1 (147)	153	76
Bukkar og ungdyr, medrekna kje (144)	0	0
Avlspurker (155)	0	0
Avlstråner (156)	0	0
Ungpurker (over 6. mnd. bestemt for avl) (158)	0	0
Ungråner (over 6. mnd. bestemt for avl) (159)	0	0
Smågris under 2 mnd. (154)	0	0
Griser selde, slakt, livdyr (184)	0	0
Verpehøns over 20 veker (160)	226156	22615
Kaniner (meir enn 1 kull) (180)	0	1
Lama (181)	2	0

SANDE

HUSDYRTAL (MEDEL 1.1. OG 31.7)	2013	2012
Hest (115 – 116)	7	7
Mjølkekyr (120)	129	145
Ammekyr (121)	49	49
Andre storfe (119)	320	393
Voksne sauer over 1 år <i>pr 1.1</i> (137)	783	735
Sauer under 1 år <i>pr 1.1</i> (138)	274	295
Utegående sau pr. 1.1. (¹⁴⁷ (133))	382	270
Mjølkegeiter over 9 mnd. (140)	0	0
Ammegeiter for kjøttproduksjon (142)	7	5
Bukkar og ungdyr, medrekna kje (144)	13	10
Avlspurker (155)	0	1
Avlsråner (156)	0	0
Ungpurker (over 6 mnd. bestemte for avl) (158)	0	0
Ungråner (over 6 mnd. bestemte for avl) (159)	0	0
Smågriser under 2 mnd. (154)	0	0
Griser selde, slakt og livdyr (184)	364	362
Verpehøner over 20 veker (160)	39	26
Livkyllingar, påsett til verpehøns (175)	0	0
Slaktekyllingar (176)	0	0
Ender, gås og kalkun. Bruksproduksjon (168)	0	0
Livkyllinger, selde (185)	0	0
Kyllingar, ender, kalkuner, gjess, slakta (186, 187, 188, 189)	0	0
Minktisper (170)	0	0
Lånet kan fritt overdras uten Låntakers samtykke. Låntaker kan ikke overdra lånet til tredjemann, uten forutgående skriftlig samtykke fra Långiver. Låntaker frafaller retten til å erklære motregning eller til å gjøre gjeldende motkrav.

Låntaker vedtar inndrivelse uten søksmål av lånebeløp, renter og utenrettslige inndrivingskostnader, overensstemmede med tvangsfullbyrdelsesloven § 7-2 a. Varsel etter samme lov § 4-18 oversendes den til Långiver sist oppgitte adresse.

Dersom lånebeløpet benyttes til fast eiendom, forutsettes tiltrekkelig og forsvarlig forsikringsdekning. Forsikringsattest skal innsendes Långiver. Evt. senere endringer i forsikringsforhold skal straks meddeles Långiver. Dersom forsikringspremien ikke betales i rett tid, er Långiver berettiget til å dekke den for Låntakers regning. Evt. brannerstatning, naturskadeerstatning eller annen erstatning som følge av hel eller delvis skade, kan kreves i sin helhet til hel eller delvis innfrielse av lånet, med de begrensninger som følger av lov eller avtale.

Låntaker aksepterer at de ikke-preseptoriske bestemmelser i finansavtaleloven 1999 nr. 46 er fraveket i den utstrekning det følger av Låneavtalens vilkår.

Sted og dato	
Låntakers stempel og underskrift	Gjentas med maskin eller blokkbokstaver

Jeg/Vi bekrefter at underskriver(ne) er over 18 år, og har underskrevet eller vedkjent seg sin(e) underskrift(er) i mitt/vårt nærvær. Jeg/Vi er myndig(e) og bosatt i Norge.

1. vitneunderskrift	Gjentas med maskin eller blokkbokstaver
Adresse (med maskin eller blokkbokstaver)	
2. vitneunderskrift	Gjentas med maskin eller blokkbokstaver
Adresse (med maskin eller blokkbokstaver)	



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EKRU	Arkivsaknr:	2014/1259
		Arkiv:	255

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
131/14	Formannskapet	19.08.2014
	Kommunestyret	28.08.2014

AKSJEUTVIDING - SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG AS

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyret vedtek å teikne aksjar i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS for NOK 3.570.000,- (3.570 aksjar a kr 1.000,-).

Beløpet skal finansierast ved bruk av ubundne kapitalfond.

Dersom dei andre aksjonærane ikkje fullteiknar aksjebehovet på 7.000 aksjar ber Herøy kommunestyret om at styret i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS søker etter andre eksterne aksjonærar.

Særutskrift:

Økonomiavdelinga

Vest kontroll

Søre Sunnmøre kommunerevisjon

Vedlegg:

Søknad om «aksjeutviding i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS».

Saksopplysningar:

I brev av 9. august 2014 søker Sunnmørsbadet Fosnavåg AS Herøy kommune om å gå inn med auka aksjekapital på minimum NOK 3.570.000,-. Dette beløpet vil fortsatt sikre Herøy kommunens aksjemajoritet i Sunnmørsbadet (51%), og samtidig oppretthalde grunnlaget for å søke om tippemidlar. Jfr. saksvedlegg.

Årsrekneskapen 2013 til Sunnmørsbadet Fosnavåg AS viser eit underskot på NOK 5.403.682,-. Dette underskotet er overført til udekka tap, og selskapet har i balansen ein negativ eigenkapital på NOK 5.672.449,-. Selskapet er i behov for tilført eigenkapital for å sikre vidare drift.

Selskapet vurderer å skrive ned eksisterande eige kapital på NOK 1.400.000,- til verdi 0 i samband med innhenting av ny eigenkapital.

Herøy kommune har i dag 71,43% av aksjane Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Satsinga på utbygging av badeanlegg er eit samfunnsløft, og eit samarbeid mellom offentlege, private og frivillige interesser. Aksjonærversikta per i dag er som fylgjer:

Aksjonærer	Styrerepresentant	Antall aksjar	Eigarandel
Herøy kommune	Arnulf Goksøyr	1.000	71,43%
Havila AS		100	7,14%
Olympic Shipping AS		100	7,14%
Herøy sanitetsforening	Karin Vike	100	7,14%
Herøy revmatikerforbund	Marny Berge	100	7,14%
Sum		1.400	100,00%

Drift av badeland er ikkje ei lovpålagt oppgåve for kommunal sektor, og det er etter rådmannens syn unødvendig for Herøy kommune å sitte med store aksjepostar i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS. Det er derimot viktig at det er grunnlag for selskapet å søke om tippemidlar. Dette krev at Herøy kommune har aksjemajoritet.

Badelandet har ringverknadar for busetting og arbeidskraftrekruttering, og legg føringar for at Herøy kommune blir ein betre stad å besøke, bu og arbeide. Sidan dette prosjektet er eit av satsingsområda for Herøy kommune, vil det vere svært uheldig om ein får ei utsetting på opning av badelandet i 2015.

Finansiering

Etter kommunelova §50 er det ikkje rom for Herøy kommune å finansiere kapitalutvidinga med låneopptak.

Herøy kommune sine skatteinntekter syner ein stor svikt i høve til revidert budsjett 2014. Samla skatteinntekter ser ut til å bli omlag 233,0 mill kr for 2014 noko som vil resultere i at samla frie inntekter (skatt og rammetilskott) vil bli mellom 10,0 og 12,0 mill kr lavare enn budsjettet. Om drifta går i balanse kan Herøy kommune sitt rekneskapsmessige meirforbruk i drifta bli omlag som nevnt ovanfor.

Den økonomiske drifta i Herøy kommune vil imidlertid ikkje ha noko praktisk betydning i denne saka då finansieringa er ubundne kapitalfond og soleis ein del av investeringsrekneskapan. Ubundne kapitalfond var på 1.1.2014 på NOK 7.850.000,-

Herøy kommune har ikkje lagt føringar for denne kapitalinvesteringa i gjeldande budsjett eller økonomiplan.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at Herøy kommune deltar i kapitalauken i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS, med å kjøpe 3.570 aksjar a kr 1.000,- totalt NOK 3.570.000,-

Dersom ikkje det totale kapitalbehovet blir dekkja gjennom teikning av eksisterande aksjonærar, vil rådmannen tilrå at styret i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS søker etter andre eksterne aksjonærar. Det er tilstrekkeleg søknadsgrunnlag for tippemidlar at Herøy kommune har ein aksjemajoritet på 51%.

Konsekvensar for folkehelse:

Svært positive konsekvensar for folkehelse at ein får etablert eit badeland i Herøy kommune. Trening og aktiv leik gir styrka fysisk helse, og badelandet blir ein møteplass for innbyggjarar og tilreisande.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Reduksjon av ubundne kapitalfond gir Herøy kommune ein svakare buffer for uførutsette økonomiske hendingar.

Fosnavåg, 15.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Aksjeutviding i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Styret i Sunnmørsbadet har vedteke å søkje ny aksjekapital for å ivareta selskapet si vidare utvikling. Selskapet er i ferd med å bygge eit regionalt badeanlegg. Kostnadane på badeanlegget er om lag 180 mill eks mva. I tillegg vert det bygd tilførselsvegar og parkeringsareal i samband med utbygginga. Dette er estimert til 35 mill kroner og vert kommunen sitt eige i framtida. I samband med utbygginga har ein sett seg nøydd til å gjere vesentlige forbetringar/endingar på bygningsmassen frå første byggetrinn.

Endingane har ført til ekstraordinære avskrivningar av verdien på første byggetrinn, noko som gjer at samla eigenkapitalbehov pt er anslått til minimum 7 mill kroner. Noko av innhenta kapital skal kunne brukast til å finansiere utbygginga. Det er behov for å styrke likviditeten i selskapet i samband med opning av nytt badeanlegg vinteren 2015. Dette er også tenkt styrka gjennom nevnte emisjon.

Sunnmørsbadet har pt 5 aksjonærar. Desse er Herøy Kommune, Herøy sanitetsforrening, Herøy revmatikarforrening, Olympic Shipping AS og Havila AS. Signala om utviding av aksjekapital frå noverande aksjonærane er ulik. Det er også kome tilbod frå andre om å delta i emisjonen.

Det vert lagt opp til ei nyteikning vert på 7000 aksjar og at pålydande vert sett til kr 1000.-. Styret vil vurdere om dagens aksjekapital på kr 1.400.000.- skal anbefalast nedskreven til kr 0.- i samband med innhenting av ny aksjekapital.


Det er eit krav i samband med søknad om tippemidlar at Herøy Kommune eig minst 51% av aksjane. For å oppnå 51% eigarandel må teikningsbeløpet til kommunen være min Kr.3.570.000.-

Nyteikning vert først avgrensa til at dei eksisterande aksjonærane som har førsterett til teikning av nye aksjar i tråd med sin noverande eigarandel, samt rett til å teikne seg for prosentvis av andelen til evt aksjonærar som ikkje teiknar seg på ny.

Dersom ein ikkje lykkast med å fulltegne med noverande aksjonærar vil ein søke aksjonærar i nærmarknaden.

Vi ber med dette Herøy kommune delta i utviding av aksjekapitalen i selskapet.

Helsing
Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
Lisjebøvegen 108
6091 Fosnavåg
Arnulf Goksøyr
Styreleiar



Årsoppgjør

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

2013

20.06.2014

Resultatregnskap

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

	Note	2013	2012
Salgsinntekter	1,5	1 077 287	3 807 897
Andre driftsinntekter	10	1 510 167	1 534 209
Sum driftsinntekter		<u>2 587 454</u>	<u>5 342 106</u>
Varekostnad	2	171 881	575 110
Lønnskostnad	3	1 099 431	1 912 623
Avskrivning varige driftsmidler	4	571 100	571 100
Nedskrivning av varige driftsmidler	4	4 829 600	0
Annen driftskostnad		1 117 633	1 958 470
Sum driftskostnader		<u>7 789 645</u>	<u>5 017 303</u>
Driftsresultat		<u>-5 202 191</u>	<u>324 803</u>
Annen renteinntekt		185 551	36 827
Annen rentekostnad		387 042	397 724
Netto finansposter		<u>-201 491</u>	<u>-360 897</u>
Årsresultat		<u>-5 403 682</u>	<u>-36 094</u>
Overført til udekket tap		-5 403 682	-36 094
Sum disponert	8	<u>-5 403 682</u>	<u>-36 094</u>

Balanse

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

	Note	2013	2012
Eiendeler			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	4,10	50 716 397	7 952 500
Driftsløsøre, inventar, verktøy o.l.	4	163 795	0
Sum anleggsmidler	4	<u>50 880 192</u>	<u>7 952 500</u>
Omløpsmidler			
Varer	2	0	56 000
Fordringer			
Kundefordringer	1	162 802	180 946
Andre fordringer	1,11	5 109 408	191 099
Sum fordringer		5 272 210	372 045
Bankinnskudd, kontanter o.l.	7	7 564 811	2 151 346
Sum omløpsmidler		<u>12 837 021</u>	<u>2 579 391</u>
Sum eiendeler		<u>63 717 213</u>	<u>10 531 891</u>

Balanse

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

	Note	2013	2012
Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital		1 400 000	1 400 000
Annen innskutt egenkapital		688 470	0
Sum innskutt egenkapital	8,9	2 088 470	1 400 000
Opptjent egenkapital/udekket tap			
Udekket tap		-7 760 919	-2 357 237
Sum opptjent egenkapital/udekket tap		-7 760 919	-2 357 237
Sum egenkapital	8	-5 672 449	-957 237
Gjeld			
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	5,6	8 811 480	9 207 116
Sum annen langsiktig gjeld		8 811 480	9 207 116
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		16 579 338	171 584
Skyldige offentlige avgifter		79 167	96 489
Forskudd tilskudd	10	42 544 605	0
Annen kortsiktig gjeld	10	1 375 073	2 013 940
Sum kortsiktig gjeld		60 578 182	2 282 013
Sum gjeld		69 389 662	11 489 129
Sum egenkapital og gjeld		63 717 213	10 531 891

Fosnavåg, 31.12.2013 / 23/6 - 2014
Styret for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS



Arnulf Goksøyr
Styrets leder


Svein Rune Gjerde
Nestleder
Varam


Marny Pauline Berge
Styremedlem


Karin Margaret Vike
Styremedlem


Ingunn Tandberg
Styremedlem


Karl Petter Sørtehaug
Daglig leder

Noter til årsregnskapet 2013

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og God regnskapskikk for små foretak.

Inntekter

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Inntektsføring av billettinntekter og husleie skjer i takt med opptjening.

Anleggsmidler

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er verdsatt til anskaffelseskost og redusert med mottatte investeringstilskudd. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid.

Omløpsmidler

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen et år etter balansedagen. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Varer er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

Pensjonsforpliktelser

Pensjonsordninger finansiert via sikrede ordninger er ikke balanseført. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjonskostnad og klassifiseres sammen med lønnskostnader.

Skatter

Selskapet driver et allmenntilgjengelig anlegg og ikke en skattemessig næringsvirksomhet med erverv som formål. Ifølge selskapets vedtekter er det ikke anledning til utdeling av utbytte. Videre skal en ved eventuell oppløsning av selskapet la midlene på oppløsningstidspunktet primært tilfalle det allmenntilgjengelige formålet som selskapet driver, og det skal ikke utdeles til aksjonærene utover innbetalt aksjekapital. I henhold til avklaring med skatteetaten i november 2010 er selskapet derfor ikke skattepliktig for sin virksomhet.

Offentlige tilskudd

Selskapet har mottatt offentlige tilskudd som er spesifisert i note 10.

Regnskapsprinsippene er ellers nærmere omtalt i de tilhørende noter til de enkelte regnskapspostene

NOTE 2 VARER

Varelager

Varebeholdningen er vurdert til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi. Anskaffelseskost tilordnes etter FIFO-prinsippet. Det foretas nedskrivning for påregnelig ukurans.

Noter til årsregnskapet 2013

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

Note 4 forts.

Tilskudd gjelder RDA midler vedrørende byggetrinn 2. Mottatt tilskudd er periodisert i samsvar med investert beløp hittil i forhold til budsjettert investeringskostnad for fullført anlegg.

Det er vedtatt av Herøy Kommune at de skal dekke kostnader til uteområdet. Deler av disse kostnadene er forskuttet av Sunnmørsbadet Fosnavåg AS, men det er foreløpig ikke avklart hvor stor del av balanseført investeringskostnad pr. 31.12.2013 dette gjelder. Hovedentreprenøren skal avregne denne kostnaden i 2014 og fakturere direkte til Herøy Kommune.

Det er ikke foretatt avskrivning på anlegg under utførelse. Gammelt anlegg er delvis revet og nedskrivning knytter seg til den delen som er revet.

NOTE 5 LANGSIKTIG GJELD

Gjeld som pr. 31.12. har en løpetid på over 5 år :

	<u>2013</u>	<u>2012</u>
Gjeld til kredittinstitusjoner	2 424 902	7 228 936
Sum	<u>2 424 902</u>	<u>7 228 936</u>

Kredittinstitusjon innvilget avdragsutsettelse for alle avdrag i 2012.

NOTE 6 PANTSTILLELSER, GARANTIER OG LIGNENDE

Gjeld til kredittinstitusjoner er ikke sikret med pant i selskapets eiendeler, men Herøy Kommune har stilt kommunal garanti for et beløp inntil kr. 35 000 000.

Herøy Kommune har også stilt kausjon på inntil kr. 22 097 100 overfor totalentreprenøren Christie & Opsahl AS. Kausjonen gjelder i byggeperioden av det nye badeanlegget og bortfaller i sin helhet senest 1.10.2015.

NOTE 7 BUNDNE MIDLER

Av bankinnskudd vedrører kr. 54 905 innskudd på skattetrekkkonto.

Noter til årsregnskapet 2013

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

NOTE 8 EGENKAPITAL

	Aksjekapital	Annen innskutt egenkapital	Annen EK	Sum
Egenkapital 01.01	1 400 000	-	-2 357 237	-957 237
<i>Årets endring i egenkapital</i>				
Tilført tomt fra Herøy Kommune		688 470		688 470
Årets resultat	-		-5 403 682	-5 403 682
Egenkapital 31.12	1 400 000	688 470	-7 760 919	-5 672 449

NOTE 9 AKSJEKAPITAL OG AKSJEEIER INFORMASJON

Selskapets aksjekapital er kr. 1.400.000 fordelt på 1.400 aksjer à kr. 1.000.

Eierstruktur

Selskapets aksjonærer pr. 31.12 :

Aksjonærer	Styrerepresentant	Antall aksjer	Eierandel
Herøy Kommune	Arnulf Goksøyr	1 000	71,43 %
Havila AS		100	7,14 %
Olympic Shipping AS		100	7,14 %
Herøy Sanitetsforening	Karin Vike	100	7,14 %
Herøy Revmatikerforening	Marny Berge	100	7,14 %
Sum		1 400	100,00 %

NOTE 10 INVESTERINGSTILSKUDD SISTE 5 ÅR

Giver:	2013	2012	2011	2010	2009
RDA midler fra Herøy Kommune	61 646 484	13 351 681	6 190 084	3 123 341	2 876 659
Sum	61 646 484	13 351 681	6 190 084	3 123 341	2 876 659

RDA-midler fra Herøy Kommune mottatt i 2009 til 2013 er knytt til byggetrinn 2. (ref. note 4). Av tilskuddet i 2013 utgjør kr. 42 544 605 forskudd på tilskudd periodisert i forhold til medgåtte kostnader pr. 31.12.2013. Beløpet er periodisert under forskudd tilskudd i balansen.

Noter til årsregnskapet 2013

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

NOTE 11 SPESIFIKASJON ANDRE KORTSIKTIGE FORDRINGER

	<u>2013</u>	<u>2012</u>
Fordring til gode merverdiavgift	5 104 109	114 435
Andre kortsiktige fordringer	<u>5 299</u>	<u>76 664</u>
Sum	<u>5 109 408</u>	<u>191 099</u>

NOTE 12 MANGLENDE FINANSIERING AV NYTT BADEANLEGG – FORTSATT DRIFT

Selskapet har ikke finansiering på hele investeringskostnaden i forhold til investeringsprognose av juni 2014. Styret arbeider med en finansieringsplan som forutsetter tilførsel av ny aksjekapital på ca. kr 7 mill., utvidet lån fra Kommunalbanken på ca. kr 36 mill., samt tilførsel av ytterligere RDA-tilskudd på inntil kr 30 mill.

Ved avleggelse av årsregnskapet 2013 er ovennevnte finansieringsplan ikke på plass.

Styret er i dialog med eierne om aksjekapitalutvidelse.

Selskapet har mottatt lånetilbud fra Kommunalbanken på kr 45 mill, som også skal dekke eksisterende lån fra Kommunalbanken på kr 8,8 mill. Utvidet lån fra Kommunalbanken forutsetter også utvidet selvskyldnergaranti fra Herøy kommune som kommunen ennå ikke har vedtatt.

Styret har sendt søknad om ytterligere RDA-tilskudd på inntil kr 30 mill, men styret i Herøy Næringsforum har ennå ikke behandlet søknaden.

Styret forventer at finansieringsplanen kommer på plass. Fortsatt drift er derfor lagt til grunn.

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
(tidlegare Herøy Varmtvassbasseng AS)
Organisasjonsnummer 977 165 091

Årsberetning 2013

1. Opplysning om arten av verksemda og kvar den vert driven.

Selskapet eig, driv og leiger ut varmtvassbasseng med kafeteria i Herøy Kommune, Møre og Romsdal. Bassenget er tilbod til et breidt publikum. I tillegg vert det tilbode symjeopplæring for vaksne og småbarn, bedriftsbading og terapibad. Ein stor del av skulesymjinga i kommunen foregår her.

2. Orientering om årsrekneskapen

Utbygging av badeanlegget

Selskapet starta på ein større utbygging av badeanlegget i mars 2013 som medførte at bassenget måtte stenge drifta frå 01.04.2013.

Selskapet har leigd Stokksund skule av Herøy Kommune for å fortsette med ein del av sine aktivitetar. Herøy Kommune har kjøpt tjenester fra selskapet som før. Selskapet har halde fram med offentleg bading også i 2013.

Utbygginga av det nye anlegget er i forhold til investeringsprognose av juni 2014 kostnadsrekna til ca. kr 180 mill. (eksklusiv merverdiavgift) som er planlagt finansiert med lån, tippemidlar og RDA midlar.

Resultat/Aksjekapital

Som følge av redusert drift i forbindelse med utbygginga av nytt badeanlegg er omsetninga redusert frå kr 5 342 106 i 2012 til kr 2 587 454 i 2013. Selskapet fikk i 2013 et underskudd på kr 5 403 682 i 2013, hovedsakelig på grunn av nedskriving av gammelt revet anlegg på kr 4 829 600. Arbeidskapitalen er pr. 31.12.13 negativ med kr 47 741 161, som fylgje av regnskapsmessig periodisering av mottatt forskudd på RDA-tilskudd medtatt under kortsiktig gjeld. Likviditetsmessig er midlene for en vesentlige del allerede benyttet pr. 31.12.13.

Herøy Kommune har garantert for langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner som pr. 31.12.13 er på kr 8 811 480.

Selskapets styre er kjent med at heile aksjekapitalen er tapt, og at egenkapital pr. 31.12.13 er negativ med kr 5 672 449. Det vises til ytterlegare kommentarer under avsnittet «Forutsetning for fortsatt drift» nedanfor.

3. Forutsetning for fortsatt drift

Selskapet har ikke finansiering på hele investeringskostnaden i forhold til investeringsprognose av juni 2014. Styret arbeider med en finansieringsplan som forutsetter tilførsel av ny aksjekapital på ca. kr 7 mill., utvidet lån fra Kommunalbanken på ca. kr 36 mill., samt tilførsel av ytterligere RDA-tilskudd på inntil kr 30 mill.

Ved avleggelse av årsregnskapet 2013 er ovennevnte finansieringsplan ikke på plass.

Styret er i dialog med eierne om aksjekapitalutvidelse.

Selskapet har mottatt lånetilbud fra Kommunalbanken på kr 45 mill, som også skal dekke eksisterende lån fra Kommunalbanken på kr 8,8 mill. Utvidet lån fra Kommunalbanken forutsetter også utvidet selvskyldnergaranti fra Herøy kommune som kommunen ennå ikke har vedtatt.

Styret har sendt søknad om ytterligere RDA-tilskudd på inntil kr 30 mill, men styret i Herøy Næringsforum har ennå ikke behandlet søknaden.

Styret forventer at finansieringsplanen kommer på plass.

Det nye badeanlegget skal etter planen stå ferdig i starten av 2015 og ein forventar då at anlegget med alle sine nye tilbud vil gi auka inntekter og gå med overskot i framtida. På grunnlag av desse planane skulle alt ligge til rette for vidare drift av selskapet.

Selskapet sitt styre bekrefter derfor at føresetnaden for vidare drift er til stades.

4. Arbeidsmiljø.

I henhold til gjeldande lover og forskrifter fører selskapet oversikt over totalt sjukefråvær over selskapet sine tilsette.

Etter styret si oppfatning er arbeidsmiljøet og den generelle trivselen på arbeidsplassen god.

Det har ikke vore arbeidsulykker i 2013. Det er for øvrig ikke registrert skader som skuldast andre forhold tilknytt verksemda.

5. Ytre miljø.

Etter styret si oppfatning forurenses ikkje verksemda det ytre miljø.

6. Likestilling.

Selskapet har i 2013 hatt totalt 2 fast tilsette og gjennomsnittleg 2-4 deltid tilsette som utgjer omlag 2,25 årsverk

Det er lik fordeling av kvinner og menn.

Selskapet sitt styre består av 3 kvinner og 2 menn.

7. Forslag til dekking av årets underskot

Styret foreslår at årets underskudd kr. 5 403 682 overføres udekka tap.

Fosnavåg den, 23. juni 2014

I styret for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS



Arnulf Goksøyr
Styrets leiar



Marny Berge
Styremedlem



Svein Rune Gjerde
~~Nestleiar~~ - Varar



Ingunn Tandberg
Styremedlem



Karin Vike
Styremedlem



Karl Petter Sortehaug
Daglig leiar

Delegerte saker frå avdelingane

DS 27/14 Oversending av skøyte for tinglysing gnr 12 bnr 157 05.08.2014 00:00:00

DS 28/14 Kjøp av tomt i Dragsund 45/168 av Leif Ove Vorren Flatøy

26.06.2014 00:00:00

Referatsaker

Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Grunneigarar, naboar, offentlege instansar, lag og organisasjonar

Saksnr
2014/1043

Arkiv
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / AZT

Dato
24.06.2014

VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

«REGULERINGSENDRING TROLLDALEN GNR. 55 BNR. 19 M.FL»



Herøy kommune

Utviklingsavdelinga


Juni 2014

Planarbeid

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.06.2008) vert det med dette varsla oppstart av offentleg planarbeid. Denne varslinga rettar seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Planområdet

Tiltaket gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område i Trolldalen (Tjørvåg) i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med svart stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag 4.8 daa. Plangrensa for området kan bli noko tilpassa i løpet av planprosessen som følgje arbeidet med utarbeiding av planforslag.




Utsnitt av planområdet med plangrense

Formål med planarbeidet

Herøy kommune ynskjer med dette planforslaget ei omregulering av den delen av eigedom gnr 55 bnr 19 som er avsett til forretning i gjeldande reguleringsplan for området i Trolldalen til nytt arealformål bustad. Det blir ikkje vurdert som lenger aktuelt å legge til rette for forretning i dette området og kommunen, som eigar av området, ser potensiale i at denne tomte kan nyttast til bustadformål.

I tillegg til endring av arealformål frå forretning til bustad, vil kommunen i samband med planarbeidet gjere naudsynte justeringar i tilgrensande areal, slik at tilgrensande gangveg mot aust vert teke inn i reguleringsplan slik den er utbygd.

Gjeldande planstatus for området



Utsnitt av dagens reguleringsplan for området

Området er omfatta av ein gjeldande reguleringsplan 1515197601 TROLLDALEN-STORNESET, vedteke av kommunestyret 27.03.2008 i K-sak 3/08. Det aktuelle området som er tenkt regulert er avsett til forretning og gangveg i gjeldande plan.

Planprogram og konsekvensutgreiing (KU)

Planområdet ligg innanfor grensa til ein gjeldande reguleringsplan frå 2008. Det aktuelle tiltaket med det formålet (bustad) som er tiltenkt er i samsvar med øvrig arealbruk i området.

Planarbeidet er også vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Herøy kommune har konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Ein vurderer planarbeidet til ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som er tenkt i planomtalen.

Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet.

Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet.

Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktuelle arealformål og hovudprinsipp for planarbeidet

- Konsentrert småhusbebyggelse (KS)
- Gangveg (GV)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.

Sentrale tema i planarbeidet vil vere:


Bustad – her ser ein føre seg ei regulering av tomta slik at det blir lagt til rette for ei tomt avsett til fleirmannsbustader (KS-areal). Det vil, i samband med denne tomta, lagt vekt på føresegner som skal sikre viktige moment som:

- MUA (minste uteopphaldsareal)
- Parkering
- Universell utforming og tilgjenge
- Byggjehøgde
- Utnyttingsgrad
- Avkøyrsløse / tilkomst
- Infrastruktur (veg, vatn og avløp)

Barn og unge – ein vil i det vidare planarbeidet legge vekt på at det i Trollidal-området i dag er regulert inn leikeplass på 1.2 daa.

Det vil i plan bli teke inn føresegner som skal sikre opparbeiding av uteopphaldsareal, som gjer at desse skal gi grunnlag for leik/opphald av barn- og unge. Det blir vidare lagt vekt på at bustadområdet har tilkomst til eit større og opparbeidd leik/aktivitetsområde ved Stokksund skule. Dette området kan nåast av barn- og unge på ein trafikksikker måte gjennom det ferdig opparbeidd fotgjengarundergangen ved FV654 i Trollidalen.

Støy frå vegtrafikk - data frå Statens Vegvesen sine vegtrafikk i området, viser at den tomta som tenkt endra frå forretning til bustadføre mål kjem innanfor ulike støysoner. Gangveg og ei mindre «stripe» av tomta kjem innanfor raud sone med støynivå L (dB) over 65, mens resterande deler av tomta kjem innanfor gul sone med støynivå L (dB) 55-60.



Kartutsnitt av Statens vegvesen sine støydata for fylkesveg 654 i området – støysoner

Støy vil vere eit sentralt tema i det vidare planarbeidet etter «Veileder til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)»

I det vidare planarbeidet vil ein føresegnene stille krav til at etablering av nye bustader, etter PBL § 20-1, tilfredsstillar krava til akseptabelt støynivå i T-1442/2012.

Medverknad i planprosessen

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og andre som evt må ha interesse i planarbeidet vil i løpet av planprosessen få moglegheit til medverknad i planarbeidet.

Dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet, må sende desse innspela skriftleg til Herøy kommune innanfor dei fristane som blir opplyst ved kunngjering. Alle innspela som kjem innanfor fristen vil bli behandla av kommunen som ein del av planprosessen fram mot politisk behandling.

I løpet av planprosessen vil ein vurdere om det skal gjennomførast eit ope informasjons- og medverknadsmøte. Dersom dette blir aktuelt, vil eit slikt møte bli kunngjort med tidspunkt og agenda.

Vidare planprosess

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Utviklingsavdelinga (fagavdeling for planarbeid) i Herøy kommune. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3, og vil innehalde eit plankart, reguleringsføresegner og planomtale med vedlegg.

Plandokumenta vil bli tilgjengelege elektronisk i etterkant av Formannskapet sitt vedtak om utlegging til offentleg ettersyn (høyring). Dokumenta vil her kunne sjåast i papirformat ved Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus og ved Coop Marknad Tjørnvåg.

Dersom du har innspel til planarbeidet skal desse vere skriftlege og sendast til:

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

eller på e-post til: postmottak@heroy.kommune.no

Merk innspelet med tittelen; **«Reguleringsendring Trolldalen gnr 55 bnr 19 m.fl»**

Frist for innspel: **01.09.2014**

Spørsmål til planarbeidet skal rettast til:

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar


Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.

Tlf: 700 81 369

Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

Tlf: 700 81 368

Vedlegg: Kart (A3-format) med plangrense i målestokk 1:1000




HERØY KOMMUNE
 25.06.2014 1:1000
 Det kan forekomme feil i kartet


W UTV



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr 2014/1145	Saksbehandler AMM
- 7 JULI 2014	
Ark kode P N 00	
Ark kode S	
J nr	Dist nr 1
Kassas nr	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		46372/2014/P24	Olav Arne Vatne, 7125 8763	03.07.2014

Høyring - vurdering av innkorting av ferjestrekninga Volda - Lauvstad

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer forslag til nytt ferjesamband Eikrem/Mork – Lauvstad til erstatning for sambandet Volda – Lauvstad (jamfør SA-35/14).

Saka var til behandling hos Samferdselsutvalet den 4.6.2014, og det ble bedd om at den ble sendt ut på høyring til berørte kommunar før ein tek stilling til vidare framdrift i saka.

Saksframlegg, og notat frå Statens vegvesen finn dykk her, Samferdselsutvalet 4. juni:
<http://mrfylke.no/Politikk/Moeteplan>

Høringsfristen er den 1. september 2014.

Med helsing


Arild Fuglseth
samferdselssjef


Olav Arne Vatne
rådgivar



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
23.05.2014	34781/2014	Hilde Johanne Svendsen

Saknr	Utval	Møtedato
SA 35/14	Samferdselsutvalet	04.06.2014

Nytt ferjesamband Eikrem/Mork – Lauvstad til erstatning for sambandet Volda – Lauvstad

Bakgrunn

På bakgrunn av initiativ frå innbyggjarar i Lauvstad/Velsvik er det sendt eit brev til fylkeskommunen, der det blir bedt om at vi ser på mulegheitene for å flytte ferjesambandet Volda – Lauvstad til Eikrem/Mork – Lauvstad. Samferdselsutvalet hadde referatsaka til behandling den 15. januar i år, og det vart gjort følgjande vedtak i saka:

«RS-5/14 Behandling i Samferdselsutvalet - 15.01.2014

Petter Bjørdal (Ap) fremma følgjande forslag:

«Samferdselsutvalet ber om å få ei sak vedkomande etablering av nytt ferjesamband Eikrem – Lauvstad til erstatning for sambandet Volda – Lauvstad».

Votering:

Forslag frå Petter Bjørdal blei samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Samferdselsutvalet - 15.01.2014

Samferdselsutvalet ber om å få ei sak vedkomande etablering av nytt ferjesamband Eikrem – Lauvstad til erstatning for sambandet Volda – Lauvstad»

I brevet frå initiativtakarane blir det vist til at det mellom anna vil vere fordelar både når det gjeld reisetid, beredskap, pris, miljøutslepp og for dei trafikale tilhøve ved kaia i Volda. Brevet blir avslutta med at:

«Vi, samt fleirtalet av innbyggjarane på Lauvstad/Velsvik (sjå vedlagt underskrifts liste) vil at det snarast blir sett i gang arbeid for å få ferja flytta, slik at den går Lauvstad - Eikrem. Dette vil gjere at bygdene på Vestsida blir betre knytta til sentrum, og soleis styrke busettinga på bygdene. Det vil også styrke flyplassen på Hovden og sjukehuset i Volda.»

Volda kommune

Volda kommune har også fått brev frå initiativtakarane og har på bakgrunn av dette sendt følgjande melding om vedtak i formannskapet den 03. 12.2013:
MELDING OM POLITISK VEDTAK - FERJESAMBANDET LAUVSTAD-VOLDA - FERJEKAI

«Vi melder med dette frå at Formannskapet den 03.12.2013, hadde føre
ovannemnde som sak

PS 213/13, der det vart gjort slikt vedtak:

Formannskapet viser til k-sak 47/08 og held fast på at ferjesambandet Volda -Lauvstad vert oppretthalde som i dag med ferjekai i Volda sentrum og på Lauvstad.

Formannskapet viser til sitt vedtak i sak 7/12, møte 23.1.12, og der ein ber om at farta på ferja vert auka.»

Dette vart lagt fram som referatsak for samferdselsutvalet RS-13/14 den 5. februar 2014.

Vanylven kommune

Kommunen har tidlegare kome med ønskje om at ferjestrekninga Lauvstad – Volda vert lagt om til Lauvstad – Mork/Eikrem. Det er tidlegare informert om at flytting av ferjekai ikkje ligg inne på investeringsprogram for fylkesvegvar i Møre og Romsdal, slik at ei eventuell omlegging vil vere langt fram i tid. Kommunen har i samband med dette ønska at ein tek tak i utfordringa med å få raskare fart på ferja, og ønskjer om fleire/nye avgangar.

Bestilling til SVV

På bakgrunn av behandling i samferdselsutvalet den 15. januar vart det sendt ei bestilling til Statens vegvesen der dei vart bedt om å utarbeide eit grovt overslag og kostnader for bygging av ny ferjekai på Eikrem, inkludert veg/tilkomst. I tillegg bad vi Statens vegvesen om å utarbeide ei oversikt over verknader for samfunnet, drift av sambandet m.v.

Rapport frå Statens vegvesen

Rapporten frå Statens vegvesen i kortversjon. For fullstendig rapport, sjå vedlegg.

Problemskilddring

Det har vore trafikkavviklingsproblem frå ferjekaia i Volda i krysset med dagens fylkesveg 651 i Volda sentrum, spesielt når ferjene skal tømast. Desse problema minka etter Kvivsvegen vart opna. I løpet av 2014 blir strekninga Løvikneset – Geitvika fullført, og det er først da vi vil få full effekt av avlastinga på ferjesambandet Volda – Folkestad. Dette vil truleg også betre forholda ved ferjekaia i Volda.

Sambandet Volda – Lauvstad har liten andel tungtransport. Det er ikkje kapasitetsproblem på ferja, og berre unntaksvis attståande bilar.

Anleggskostnader ny ferjekai med nødvendig oppstillingsareal og vegsamband.

Det er meget stor usikkerheit på kostnadar sidan dette berre er to mulige løysingar. Når det gjeld alternativa for ny ferjekai, Eikrem og Mork, er det ikkje undersøkt om det er problematiske grunnforhold, fornminner, rasfare eller andre moment som kan gjere det problematisk å bygge.

Når det gjeld ferjekaikonstruksjon er det heller ikkje gjort grunnundersøkingar eller djubdemålingar så usikkerheita er meget stor.

Erfaringskostnader for ferjekaikonstruksjon er 40-50 mill. kroner og veg/oppstillingsplass kan grovt anslåast til 30-40 mill. kroner. Dette gir ein antatt investeringskostnad på 70-90 mill. kroner.

Behov for investeringar på dagens ferjekai i Volda sentrum vil vere dei same om trafikken til/frå Lauvstad går der eller ikkje.

Dersom det må byggast ny kai i Volda vil dette kunne skje både sikrare og 10-20 prosent billigare dersom ein har ei ny kan på Mork/Eikrem og omdirigerer all ferjetrafikk til denne kaia. Driftsutgiftene til ferje vil da bli noko høgare i anleggsfasen. Alternativet til dette er å bygge ny kai ved sidan av dagens kai, eller at det blir rigga opp ei mobilkai i byggeperioden.

Driftsmessige/utbyggingsmessige vurderingar av ferjekai

Utforminga av kaia i Volda er problematisk når ein har to ulike ferjer som går der. Dette fordi ferje har ulik breidde.

Vi vil få ei årleg auke på samla driftskostnader av ferjekaiane på om lag 200 000 kroner grunna ny kai. Driftskostnad ved eit nytt landareal vil vere på om lag 300 000 kroner per år.

Ferjekostnader

Volda – Lauvstad i dag har minstekrav om opningstid på 17 timar og ein frekvens på 16 rundturar.

Eikrem/Mork – Lauvstad vil få eit minstekrav på opningstid på 18,25 timar og ein frekvens på 25 rundturar. Dette betyr, under føresetnad at ein ikkje treng å endre skiftordninga, ein redusert kostnad på 1,5 mill. kroner årleg og 25-30 prosent færre kilometer.

Redusert overfartstid er ikkje tilrådeleg. Dette på grunn av stor auke i drivstoffutgiftene, og praktiske omsyn i forhold til ferja Volda – Folkestad. Inntektene på sambandet er rekna til å reduserast med 1,8 mill. kroner årleg på grunn av overgang frå sone 8 til 4. Flytting av ferjeleiet ut av Volda sentrum vil truleg føre til at fleire tek med eigen bil. Dette er ikkje tatt med i reknestykket.

Mulegheiter for kollektivtilbod på ny ferjekai Eikrem/Mork

Meirkostnader for å betene ferjekaia med buss, 6 avgangar a 4 km per dag, 7 dagar per veke er om lag 260 000 per år. Det er ikkje tatt stilling til om dette er riktig nivå på busstilbodet. Taxi vil også vere eit alternativ for brukarane.

Innsparing i reisetid og reisekostnader

Dersom ein antek 17 min. spart tid for dei som nyttar bil, ca. 150 kroner i timeskostnad og ca. 230 000 reisande i bil, så utgjør sparte tidskostnadar ca. 10 mill. kroner totalt per år eller 42 kroner per reisande ved å flytte ferjekaia til Eikrem/Mork.

Private kostnader ved bruk av bil vil skilje lite mellom dagens løysing og ny løysing med flytting av kai.

Private kostnader ved bruk av kollektivtransport gir ikkje stor endring for reisande frå Lauvstad til Ørsta, men frå Lauvstad til Volda blir det ein endra kostnad frå 28 kroner i dag og til 55 kroner ved flytting av ferjekaia.

Eventuell vidare planlegging fram mot bygging

Det er mange usikre faktorar på eit så tidleg stadium. Statens vegvesen vurderer at ein gjennom ein open planprosess vil få det beste resultatet med medverknad frå både innbyggjarar og sektorinteresser. Kommune, råka grunneigarar og naboar må kontaktast i samband med dette. Ein bør difor gå breitt ut og vurdere ulike alternativ i eit planprogram. Dei nødvendige analysane, både på land og til sjøs, for eit slikt arbeid vil vere ressurskrevjande.

Resultatet kan bli at det er enkelt å byggje her, men det kan også bli at det ikkje bør byggast ei ferjekai på Eikrem/Mork. Kommunedelplan vil minimum krevje 2,5 års planleggingstid, og reguleringsplan minimum 1,5 år.

Vurdering

Det er på bakgrunn av notatet frå Statens vegvesen ikkje muleg å konkludere med om det bør byggast ei ny kai på Eikrem/Mork, slik at ferja som i dag går Volda – Lauvstad blir endra til Mork/Eikrem – Lauvstad. Dette var heller ikkje forventningane til notatet. Det var viktig å få greie på kostnader og verknader med å eventuelt flytte ferjesambandet.

Det er ikkje gjennomført ei samfunnsøkonomisk analyse av prosjektet. Dette er det nødvendig å kome tilbake til dersom ein finn rom for investeringskostnaden i eit tiårs-perspektiv. Det er vanskeleg å sjå for seg at fylkeskommunen kan ta investeringskostnaden på om lag 70-90 mill. kroner dei næraste ti åra, og vi tilrår derfor ikkje at ein brukar ressursar på vidare planarbeid og samfunnsøkonomiske vurderingar før ein ser at det kan vere muleg å realisere prosjektet.

Ei tilnærming som ovanfor kan bli oppfatta som lite proaktivt. Det viktigaste for fylkeskommunen er å sikre at planleggingsressursar, både midlar og personar, blir brukt på ein slik måte at vi sikrar realisering av prioriterte prosjekt på fylkesveg. Dette prosjektet vil vere eit av dei prosjekta som ligg på vent, og som ein kan starte planlegging av dersom ei samla vurdering av ressurs-situasjonen skulle tillate det.

Dersom vi i arbeidet med å utarbeide ein ny ferjestandard for Møre og Romsdal ser at det vil vere viktig å få avklart dei framtidige ferjestrekningane i fylket, vil vi kome tilbake til dette prosjektet.

Forslag til vedtak:

Samferdselsutvalet tek orienteringa til vitande

Behandling i Samferdselsutvalet - 04.06.2014

Petter Bjørdal (Ap) fremma følgjande forslag:

«Samferdselsutvalet ber om at saka vert sendt på høyring til berørte kommuner før ein tek stilling til vidare framdrift i saka.»

Votering:


Forslaget frå Petter Bjørdal blei sett opp mot fylkesrådmannens tilråding. Forslaget blei samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Samferdselsutvalet - 04.06.2014

Samferdselsutvalet ber om at saka vert sendt på høyring til berørte kommuner før ein tek stilling til vidare framdrift i saka.

Vedlegg

- 1 Notat frå SVV - Ferjesambandet Volda - Lauvstad



Statens vegvesen


Notat

Til: Synnøve Sørflaten
Frå: Siv K. Sundgot
Kopi: Terje Lindstad

Sakshandsamar/innvalsnr:
Siv Karen Sundgot +47 70175077
Vår dato: 01.04.2014
Vår referanse: 2011/188905

Grov vurdering av Innkortning av ferjestrekninga Volda- Lauvstad

Formålet med denne vurderinga er å gi ei oversikt over kva effekt ei slik innkortning av ferjestrekninga kan medføre.



Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskaps
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Problemskildring:

Dagens ferjestrekning Lauvstad – Volda sentrum er ca 7,5 kilometer og ligg i takstsone 7. Ved ei flytting til Eikrem vil ferjestrekninga kortast ned til 3.0-3.5 km med dei høve dette gir for kortare overfartstid og hyppigare avgangar.

I dag nyttar ferja same ferjekai som E39 Volda-Folkestad. Dette sambandet vart i 2012 avlasta då




Kvivsvegen vart opna. Full effekt av denne avlastinga er ikkje forventa å få før strekninga Løvikneset-Geitvika vert fullført i løpet av 2014. Begge ferjestrekningane nyttar same oppstillingsområde i Volda sentrum og dette kan vere uoversiktleg for ukjende. Kaia vart bygd om i 2002. Landareala var ferdig bygd om i 2013 og forholda vart forbetra som følgje av det. I og med at det er oppstilling for trafikk både til Lauvstad og Folkestad på eit relativt trangt område, så er det ikkje mulig å få til ei ideell løysing. Det har vore trafikkavviklingsproblem frå ferjekaia i krysset med dagens fv. 651 i Volda sentrum, spesielt når ferjene skal tømast. Desse problema har minka etter at Kvivsvegen opna og medførte trafikknedgang i sambandet Volda-Folkestad. Fv. 651/E39 har ein ÅDT på vel 8000. I framtida kan denne vegen bli avlasta av ein tunnel mellom Volda og Furene, og då kan ein få om lag ei halvering av trafikken. Det er også mulig å forbetre forholdet på eksisterande landareal ved å bygge det ut i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Vikeneskaia.

Trafikkutvikling på ferja Volda - Lauvstad:

- 2000 ÅDT = 230 kjt/døgn (7 % lange), 352 passasjerar/døgn
- 2008 ÅDT = 288 kjt/døgn (5 % lange), 338 passasjerar/døgn
- 2009 ÅDT = 288 kjt/døgn (5 % lange), 329 passasjerar/døgn
- 2010 ÅDT = 287 kjt/døgn (6 % lange), 279 passasjerar/døgn
- 2011 ÅDT = 308 kjt/døgn (6 % lange), 345 passasjerar/døgn
- 2012 ÅDT = 320 kjt/døgn (6 % lange), 315 passasjerar/døgn
- 2013 ÅDT = 344 kjt/døgn (6 % lange), 316 passasjerar/døgn

Det liten andel tungtransport i sambandet. Vanlege personbilar utgjør brorparten av trafikken, og det er klart størst trafikk frå Lauvstad om morgonen og til Lauvstad på ettermiddag. Det var i 2013 mellom 15 og 30 passasjerar på pendlaravgangane i tillegg til bilane. Nesten halvparten av passasjerane er honnør og barn. Det er usikkert kor stor del av passasjerane som er passasjerar i kjøretøy på ferja og kor mange som vil vere avhengige av anna transport til/frå ei eventuell ferjekai på Eikrem/Mork. Det er ikkje kapasitetsproblem på ferja og berre unntaksvis attståande bilar.



Anleggskostnader ny ferjekai med nødvendig oppstillingsareal og vegsamband:

Utifrå det vi ser av kartet er det eit par stader ved Eikrem/Mork som peikar seg ut dersom ein skal bygge ei ny ferjekai nord for Voldafjorden. Då er det berre tatt omsyn til topografi og forslaget må berre oppfattast som to mulige løysingar. Det er ikkje sjekka grundig ut om det er problematiske grunnforhold, fornminner, rasfare eller andre moment som gjer det problematisk å bygge her. Utifrå kartbaser ser vi det som sannsynleg at ei kai på Mork vil vere i større konflikt med jordbruksinteresser enn ei kai på Eikrem. Det er ikkje registreringar i naturbase eller av eksisterande fornminner i det aktuelle området. Det er ikkje registrert ras på fv. 47 på den aktuelle strekninga.

Fylkesvegen ligg på kote 30-45. Med seks prosent stigning på vegen opp frå kaia vil det medføre ei veglengde på mellom 450 og 750 meter opp til eksisterande veg. Det må også etablerast oppstillingsareal, parkeringsplassar, snuplass for buss for å få eit komplett landareal for ei ny ferjekai.

Vegbygging; lengde og høgdeskilnad vil vere omtrent den same for begge alternativa, og så lenge vi ikkje har grunnboringar kan vi ikkje seie noe om kostnadsskilnad på dette elementet. Alternativet på Eikrem kan medføre behov for oppgradering av ca 1 km av fv. 47.

Når det gjeld ferjekaikonstruksjonen så er det heller ikkje gjort grunnundersøkingar eller djupnemålingar så usikkerheita er meget stor.

Erfaringskostnadar for ferjekaikonstruksjon er 40-50 mill kroner og veg/oppstillingsplass kan grovt anslåast til 30-40 mill kroner. **Samla investeringskostnad = 70-90 mill. kroner** (dersom det ikkje vert spesielle problem med utbygginga).

Behov for investeringar på dagens ferjekai i Volda sentrum vil vere den same om trafikken til/frå Lauvstad går der eller ikkje.

Dersom det må byggast ny kai i Volda vil dette kunne skje både sikrare og 10-20 prosent billigare dersom ein har ei ny kai på Mork/Eikrem og omdirigerer all ferjetrafikk til denne kaia. Driftsutgiftene til ferje vil bli noko høgare i anleggsfasen. Det vil også vere mulig å bygge ei ny kai i Volda medan trafikken går tilnærma som normalt mellom Volda-Folkestad og Volda-Lauvstad. Dette forutset at ny kai vert bygd ved sidan av dagens kai eller at det vert rigga opp mobilkai for å avvikle ferjetrafikken i byggeperioden.

Driftsmessige/utbyggingsmessige vurderingar av ferjekai:

Utforming av kaia i Volda er problematisk når ein har to ulike ferjer som går der. Dette fordi ferjene har ulik breidde. Det mest utfordrande er å oppretthalde god tryggleik for gåande.

Ein vil få ei årleg auke på samla driftskostnader av ferjekaiene på om lag 200.000.- pga ny kai. Kostnaden vil vere lavare dei første ti åra. Ein kan ikkje pårekne nokon reduksjon i driftskostnader i Volda sjølv om der ikkje går ferje til/frå Lauvstad. Driftskostnad ved eit nytt landareal vil vere på om lag 300.000.- per år.

Ferjekostnadar:

Fylkesvegstandard:

Fylket har gjennom sin ferjestrategi vedtatt standardkrav/minstekrav til opningstid, frekvens og kapasitet i ferjesambanda i fylket (fylkesvegstandarden bygger på NTP-standarden, og det er signal som tyder på at denne skal reviderast). Volda-Lauvstad hadde i 2012 ein ÅDT (pbe) på 397, og i 2013 ein ÅDT på 440. (2013 var spesielt høgt pga. stenging av Årvik-Koparnes). For samband på 4001-9000 meter og ein ÅDT på 100-500, er minstekravet i følge fylkesstandarden ei opningstid på 17 timar og ein frekvens på 16 rundturar. Volda-Lauvstad ligg på denne standarden i dag.

Dersom ferjekaia i Volda vert flytta til Eikrem/Mork, vert strekninga redusert til ca. 3500 meter. Dette medfører at sambandet kjem inn under ei anna fylkesstandardklasse (< 4000 meter). Denne har minstekrav på 18,25 timar opningstid og ein frekvens på 25 rundturar.

Kostnadar for ferjedrift:

Flytting av ferjeleiet og endring til ein frekvens til 25 rundturar (40-minutter frekvens), fører til at ferja totalt køyrer 25-30 % færre kilometer i året i forhold til i dag. Dette vil medføre eit redusert drivstoffforbruk og noko redusert reparasjon/vedlikehald på båten. Kostnader til drivstoff og vedlikehald utgjer om lag 20 % av totale sambandskostnader. Dette betyr i dette sambandet om lag 1,5 mill i reduserte kostnadar årleg. Dette er under føresetnad av at ein ikkje treng å endre skiftordninga. Ein nærmar seg her ei grense for overgang til ei dyrare skiftordning, ifølgje selskapet.

Om ein beheld dagens frekvens på 16 rundturar (ein-times frekvens), vil køyrte kilometer nærast bli halvert i forhold til i dag og ein antek ein vil få ei innsparing på om lag 2,5 millionar årleg. Dersom ÅDT i sambandet kjem over 500 pbe, vert minstekravet ei opningstid på 19 timar og 32 rundturar. Dette betyr det same talet kilometer som fartøyet køyrer i året i dag, men her må ein truleg inn med fleire skift noko som vil medføre ca 150.000.- i årleg auke i personalkostnadar.

Redusert overfartstid på dagens rute betyr stor auke i drivstoffutgifter. Ferja må også ta omsyn til trafikken til/frå Folkestad, og dette kan fort medføre forseinkingar. På grunn av desse omsyna er det difor ikkje tilrådeleg å endre rutetidene.

Inntekter på ferjedrift:

Køyretoyinntektene i 2012 var på kr. 6.519.000.-, passasjerinntektene på kr.2.225.000, totalt kr. 8.744.000.- I dette sambandet er det utstrakt bruk av verdikort. Flytting av ferjeleiet medfører overgang frå sone 8 til sone 4. Dette medfører ein reduksjon i billettinntektene på vel 20 %, dvs ca. 1,8 mill. Flytting av ferjeleiet ut av Volda sentrum vil truleg føre til at fleire tek med eigen bil, utan at dette er tatt med i reknestykka.

Muligheter for kollektivtilbod på ny ferjekai Eikrem/Mork:

Det vil truleg vere større behov for kollektivtilbod for ferjetrafikk frå Lauvstad dersom ferjekaia blir flytta. I dag kjem ein i land i sentrum der mange av målpunkta til ferjepassasjerane er. Ferja har ein større andel av passasjerar enn mange andre samband.

Det er ei veglengde på 4-5 km tur/retur frå E39 for å nå ei eventuell ny ferjekai. Avstand til Ørsta sentrum ca 8,5 km, til Hovden ca 6 km og til Volda sentrum ca 6 km.

Det vil etter fylkeskommunen si vurdering vere behov for etablering av gang- og sykkelveg langs fv. 47 samt busstopp og andre utbetringar i krysset fv. 47/E39. Dette er ikkje tatt med under investeringskostnadar på side 2.

På grunn av store kostnadar er det lite sannsynlig at det kan etablerast eit nytt busstilbod frå ferjeleiet, men at tilbodet vert «hengt på» eksisterande trasé på enkelte avgangar mellom Ørsta og Volda. Dette vil verte oppfatta som ei stor ulempe for dei som har behov for kollektivtilbod mellom Ørsta og Volda. For desse vil ein omveg om ferjekaia føre til at reisetida mellom Ørsta og Volda sentrum aukar med ca. 5-10 minutt. Rutene mellom Ørsta og Volda har eit større potensiale for kollektivvekst enn kollektivtransport til/frå ei ny ferjekai på Eikrem/Mork.

Meirkostnadar for å betene ferjekaia med buss, 6 avgangar a 4 kilometer per dag, 7 dagar per veke er omlag kr 260 000 per år. Om dette er riktig nivå på busstilbodet har vi ikkje tatt stilling til. Vi veit at ferja fraktar ein del skuleelevar og det vil som eit minimum vere viktig å tilrettelegge med eit tilbod for desse. Ferjekaia i Seivika, som ein kan samanlikne seg med på grunn av avstand til riksveg har seks bussavgangar i kvar retning til/frå Kristiansund sentrum per dag på kvardagar og 1 per dag i helga. Dette ferjesambandet har nær dobbelt så stor trafikk som Volda-Lauvstad.

Taxi vil også vere eit alternativ for brukarane, og etablering av ferjekai på Eikrem vil vere eit godt bidrag til taxi-næringa i Ørsta/Volda.

Innsparing i reisetid og reisekostnadar:

Tidsbruk bil

Dagens løysing med 1 times frekvens

Volda–Lauvstad: 25 min. overfart +30 min. venting = 55 min.

Ørsta-Lauvstad: 25 min. overfart +30 min. venting + 10 min kjøring = 65 min.

Løysing med ny kai ved Mork og 40 min frekvens

Volda–Lauvstad: 15 min. overfart +20 min. venting + 5 min kjøring = 40 min.

Ørsta-Lauvstad: 15 min. overfart +20 min. venting + 9 min kjøring = 44 min.

Dersom en antek 17 min spart for dei som nyttar bil, ca. 150 kr i times-kostnad og ca. 230 000 reisande i bil, så utgjer sparte tidskostnadar ca. 10 mill. kr. totalt pr. år eller 42 kr. pr. reisande ved å flytte ferjekaia til Eikrem/Mork

Privat kostnad bilbruk

Dagens løysing

Volda–Lauvstad: 49 kr (verdikort) = 49 kr.

Ørsta-Lauvstad: 49 kr (verdikort) + 9 km a 4 kr = 85 kr.

Løysing med ny kai ved Eikrem/Mork

Volda–Lauvstad: 34,5 kr (verdikort) 4,5 km a 4 = 53 kr.

Ørsta-Lauvstad: 34,5 kr (verdikort) + 7,5 km a 4 kr = 65kr.

Private kostnader ved bruk av bil vil skilje lite mellom dagens løysing og ny løysing med flytting av kai.

Privat kostnad kollektiv

Dagens løysing

Volda–Lauvstad: 28 kr (verdikort) = 28 kr.

Ørsta–Lauvstad: 28 kr (verdikort) + 36 kr (bussbillett) = 64 kr.

Løysing med ny kai ved Eikrem/Mork

Volda–Lauvstad: 23 kr (verdikort) + 32 bussbillett) = 55 kr.

Ørsta–Lauvstad: 23 kr (verdikort) + 36 (bussbillett) = 59 kr.

Eventuell vidare planlegging fram mot bygging:

Det er mange usikre faktorar på eit så tidleg stadium som vi er no. Statens vegvesen vurderer at ein gjennom ein open planprosess vil få det beste resultatet med medverknad frå både innbyggjarar og sektorinteresser. Kommune, råka grunneigarar og naboar må kontaktast i samband med dette.

Ein bør difor gå breitt ut og vurdere fleire alternativ i eit planprogram. Om ein i dette arbeidet konkluderer med at fleire alternativ bør utgreiast vidare bør det gjennomførast ein kommunedelplanprosess med konsekvensutgreiing. Om ein berre har eitt alternativ kan det vere tilstrekkeleg å utarbeide reguleringsplan. Behovet for konsekvensutgreiing må då vurderast, men det er ikkje gitt at dette må utarbeidast.

I samband med eit planprogram må det gjerast undersøkingar og analyser av forhold både på land og til sjøs. Dette vil vere ressurskrevjande. Resultatet kan bli at det er enkelt å bygge her, men det kan også bli at det ikkje bør byggast ei ferjekai på Eikrem/Mork.

Kommunedelplan vil minimum krevje 2,5 års planleggingstid, reguleringsplan minimum 1,5 år.

Kommunen sine vurderingar og vedtak:

Det har tidlegare kome ynskje frå Vanylven kommune om at ferjestrekninga Lauvstad -Volda vert lagt om med tilflot på Mork/Eikrem, m.a. i eit møte mellom kommunane og vegvesenet på 1990-talet. Det kom då fram at Vegvesenet si prinsipielle haldning at ferjestrekingar bør leggast kortaste veg, og ikkje på langs av fjordar. Men det var presisert at ny kai her ikkje låg inne i nokon planar, korkje frå vegvesenet eller fylkeskommunen si side. Såleis vil det, om ein ynskjer å arbeide for ei slik løysing, vere "eit langt lerret å bleike" for å få dette på prioriteringslista.

Ferja Lauvstad-Volda er ein del av det gjennomgåande fylkesvegnettet, men samstundes er ferja lokalsamband for pendlarar internt i Volda kommune. Såleis har haldninga i Volda til no vore at det er viktig at ferja legg til i sentrum, slik at nærpendlarane (som er i fleirtal reisande) når arbeidsplassane utan å ta med bil over.

Det må då også byggast ny tilkomstveg (omlegging av noverande fylkesveg), og det må ordnast tilfredstillande busstilbod for at dette sambandet skal fungere optimalt. Når ein kjenner til dei harde prioriteringane som også gjeld kollektivtransporten (buss) er dette også ein vanskeleg prosess.

Kommunen vil såleis rå til at ein tek tak i utfordringa med å få til raskare fart på ferja slik Dravlaus/Innselset grendeutval tidlegare har skissert. Kommunen har også ønske i forhold til avgangstider:

- Tidleg ferje for at folk kan nå første fly frå Hovden; dvs. avgang Lauvstad kl. 05.20 kvardagane.
- Seinare avgangar frå Volda på kveldstid og helgane.
- Tidlegare avgang helgane frå Lauvstad

Argument frå grendalaget for kai:

Redusert responstid ved brann/ulykker/akutt sjukdom: *Beredskapen for Vestsida er i Volda sentrum. (brannvern, ambulanse) For innsats på Vestsida må materiell og personell fraktast over fjorden med ferje. Ligg ferja på Lauvstad må ho gå 2 gonger over fjorden før innsatsmateriell/personell er på Lauvstad ferjekai. Det tek 50 min. Med ferjekai på Eikrem/Mork vil det då ta 20 min å få innsatsmateriell/personell til Lauvstad ferjekai.*

Auka opningstid - Standardklasse Rv 3, ÅDT 100-500 PBE. Distanse 4001-9000 meter. Dette gir opningstid på 16 timar, og 16 avangar pr dag. Er distansen < 4000 meter (Lauvstad-Eikrem 3200 meter) gir dette 1time lenger opningstid ca 25 avgangar pr. dag. Det blir 9 fleire turar pr dag.

Billegare for passasjerar: *Lauvstad - Volda er plassert i takstsone 8. Lauvstad- Eikrem blir plassert i takstsone 4. Det blir billegare å reise med ferja. Vesentleg miljøgevinst, dvs. meir enn halvert NOx og CO2 utslipp pr frakta bil/passasjer. Dette gjer også sambandet meir samfunnsøkonomisk lønnsamt.*

Betre trafikkavvikling i Volda sentrum: *Unngå kaoset som tidvis er på Vikeneskaia ved stor trafikk. I tillegg til dette er krysset Vikeneskaia framtidig E39 uoversiktleg og med mykje trafikk. Dette gjer det vanskeleg å kome seg av ferja og inn på E39.*

Kan nytte eksisterande bussrutetilbod: *Det går buss mellom Ørsta og Volda omtrent kvar halvtime. Denne bussen må gå via ferjekai på Eikrem, slik at ferjepassasjerar utan bil kan ta bussen. Frå krysset Berknesvegen/E39 til Eikrem er det 2 kilometer. Med ei fart på 60 km/t gir dette ei køyretid på 2 minutt. Det vil ta 5 minutt til Volda sentrum.*

Auka trafikk på sambandet: *Lauvstad - Volda hadde i mars/april 2013, 472 ÅDT PBE. Sjå vedlegg: "Trafikkverdier Volda - Lauvstad". Vi trur at med meir enn halvert tid for kryssing av Voldsfjorden, og auka frekvens på ferja, vil dette gi auka bruk. Passerer ferjestrekninga 500 ÅDT PBE vil den kome i Standardklasse Rv 2. Dette gir 19 timar opningstid og 32 avgangar pr dag. (Ref "Ferjestrategi for Møre og Romsdal 2006-2015) Dette er dobbelt så mange avgangar som det er grunnlag for i dag, og 2-3 timar lenger opningstid.*



Til

Kommunane på søre Sunnmøre
MAFOSS
Ørsta Næringsforum
Helse Midt-Norge RHF
Posten Norge AS

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Re: 2014/1189	Saksbeh. OJK
17 JULI 2014	
N40	
Ansvarlig	
Telefon	
Faks	
Postboks	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
«REF»	«REFDATO»	48717/2014/N41	Olav Arne Vatne, 71 25 87 63	15.07.2014

Høyring - anbod på regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2016.

Møre og Romsdal fylkeskommune er invitert av Samferdselsdepartementet til å kome med innspel til utforminga av anbod på regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2016. I Møre og Romsdal gjeld dette Ørsta-Volda Lufthamn Hovden.

Høyringsfristen til Fylkeskommunen blir 1. september 2014. Departementet har sett høyringsfrist den 31. oktober 2014, med høyringsmøte i løpet av september.

Denne e-posten blir sendt til:

- Kommunane på søre Sunnmøre
- MAFOSS
- Ørsta Næringsforum
- Helse Midt-Norge RHF
- Posten Norge AS

Dersom det er andre aktørar de meiner bør delta i prosessen, ber vi om at de gir oss beskjed om dette så snart som råd.

Vedlagt følgjer brevet frå Samferdselsdepartementet og TØI rapport 1331/2014, Forslag til anbudsopplegg for regionale flyruter i Sør-Norge.

Med helsing

Lage Lyche
Seksjonsleiar

Olav Arne Vatne
rådgivar

NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Rådmannen

Saksnr
2014/1209

Arkivkode
124

Dato
11.08.2014

RUNDSKRIV - BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018

1. INNLEIING

Resultatavdelingsleiarane og dei budsjettansvarlege i avdelingane skal på bakgrunn av vedteken drift og budsjetttrundskrivet lage forslag til avdelingsbudsjett for sitt ansvarsområde.

Denne budsjettprosessen vidarefører ein klar ambisjon å kome inn i eit økonomisk handlingsrom der ein unngår unødig press på større budsjettkorrigeringar i driftsåret. For å kome dit skal det leggjast til grunn tiltak med heilårseffekt 2015, men også tiltak som ikkje har heilårseffekt før påfølgjande år. Grunngevinga for dette er basert på siste to års erfaringar med korrigeringar av budsjett i driftsåret. Dette grip uheldig inn i planlagd drift og handlingsplanar. Det er også ei haldning frå statleg hald at kommunane skal ha fokus på effektiv kommunal drift.

Den totale ramma i budsjett 2015 er estimert til ca. 7 million mindre enn den totale ramma for noverande budsjett 2014. Sjølv om ikkje tala er endeleg per no, blir det ytterlegare lagt til grunn 1% reduksjon i ramma for å jobbe mot eit nødvendig økonomisk handlingsrom for 2015.

Dersom ein legg til grunn skatt og statleg ramme for dei to siste driftsåra, så kjem det fram ei erkjenning om bemannings situasjonen i Herøy kommune. Vi er underbemanna etter den etterspørsel og krav som blir stilt, og vi er overbemanna etter det finansieringsgrunnlag vi skal styre etter. Ei vidareføring av ein praksis der ein reduserer på innhaldsleveransen utan å sjå på organisasjonsstrukturen vil over tid uttynne driftsgrunnlaget innanfor nokre av tenesteleverandørane til det uforsvarlege.

Vi har tidlegare år gått ut høgt med dårlege prognoser på skatt og statleg ramme. Sist gang var for budsjettprosessen 2014, der vi mot slutten av arbeidet fekk justert opp grunnlaget slik at ein oppfatte «rop om ulv» om unødig og forstyrrende. Det er no beklageleg å erkjenne at erfaringa med 2014 likevel viser seg å bli like dårlege som vi fyrst trudde. Erfaringane med driftsåret 2013 var like eins, men der gjorde organisasjonen eit betydelig arbeid for å hente inn differansen – noko ein også klarte. Sjølv om dette fortener mykje skryt, er der likevel grunnlag for læring.

Det er formålstenleg å organisere vår organisasjon og disponere våre ressursar på ein slik måte at ein kan ha ein buffer på uforutsigbare hendingar gjennom eit driftsår.

Målet over tid er å kunne legge fram eit driftsbudsjett til Herøy kommunestyre med 3% netto driftsresultat (ekskl. RDA-midlar), og at drifta vår er realistisk justert i høve dette. Dette for å skape rom for framtidige finanskostandar knytt til investeringar i realverdiar, og vurdert ut frå ei erkjenning av at eit budsjett ikkje klarer å fange opp alle hendingar som skjer i løpet av eit driftsår. Det er vidare formålstenleg at kommunestyret blir gitt rom for å gå inn i eit driftsår med planlagt økonomisk handlingsrom. Denne målsettinga står sjølv om vi har ei trongare budsjettamme for 2015, og er i tråd med definisjonen av sunn kommunal økonomistyring.

Budsjettet kan baserast på dagens drift, dersom ein er i stand til å levere innanfor ei mindre ramme. Med dagens driftsnivå meiner ein at den normale drifta ein har i kvar einskild avdeling vert vidareført, vurdert ut frå eit minimum sett i høve lovpålagte tenester. Alternativt må ein sette i gang effektiviserings og rasjonaliseringstiltak for 2015. Med effektiviserings- og rasjonaliseringstiltak meiner ein at ein kritisk må sjå på strukturen av drifta, og om ein kan gjere arbeidsoppgåver på andre måtar og meir kostnadsoptimalt.

1.1 Ekstraordinær drift

Tiltak som er midlertidige i 2014 skal ikkje automatisk førast vidare i 2015, men vere kommentert under «nye» tiltak i budsjett/økonomiplankommentarane.

Ein skal operere med lønn knytt til oppretta stillingsheimlar. Det vil seie at ein ikkje budsjetterer med vikarlønn og heller ikkje med sjukelønsrefusjonar.

Drift utover det som er finansiert som løpande drift skal spesifiserast i kommentarane. Dette er drift knytt til mellombelse stillingar og auka aktivitet knytt til ekstraordinære situasjonar. Auka kostnadar i samband med dette skal visast ved å opprette eit nytt tiltak i Arena der kostnadane vert spesifisert og kommentert. Ein skal altså ikkje auke kostnadane i konsekvensjustert budsjett.

Dette gjeld t.d. auka aktivitet for ressurskrevjande brukarar, overbelegg på sjukeheimane, ressursar til barnevern utover det ein har hatt som normalsituasjon finansiert i dagens driftsramme, tilpassa opplæring i grunnskulen osv.

2. FORSLAG TIL STATSBUDSJETT

Forslaget til statsbudsjett for år 2015 vert lagt fram i oktober 2014. Innhaldet i statsbudsjettet får konsekvensar for kommunen sitt budsjett.

Dersom ein brukar KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskott for 2015 basert på deira prognoser per juni 2014 får vi eit slikt oppsett:

	KS sin modell	Herøy kommune sin modell	Ordinært budsjett 2014
Skatt	249.083.000	235.000.000	253.500.000
Rammetilskott	188.154.000	196.610.000	193.300.000
Ordinært skjønn	9.013.000	9.040.000	9.000.000
Sum «frie inntekter»	446.250.000	440.650.000	455.800.000

Staten har gjennom 5-6 justeringar av inntektssystemet frå oktober 2014 og fram til i dag redusert dei prognostiserte frie inntektene til Herøy kommune med om lag 4,0 mill kr (vi har hittil justert budsjett med ein reduksjon på 2,2 mill kr for 2014).. Då har vi ikkje teke omsyn til at Herøy kommune sine skatteinntekter i 2014 sannsynlegvis blir om lag 15,5 mill kr lavare enn det som ligg i KS sin modell. Det vil seie at dei frie inntektene vil bli redusert med om lag 10,3 mill kr sett i høve til då budsjettet for 2014 vart vedteke.

Prognosene for 2015 viser ein ytterlegare nominell reduksjon i desse inntektene. Grunnen til dette er bl.a. auka kontantstøtte til 1-åringar (skal gi mindre etterspurnad etter barnehageplassar) og bortfall av overgangsordninga i samhandlingsreforma (skulle gå over 3 år og utgjør nær 1,9 mill kr). Dersom ikkje kommunens inntekter aukar i statsbudsjettet sett i høve til dei tala/prognosene som ligg i revidert budsjett må Herøy gjennom ein omfattande prosess og rammene må truleg reduserast med ca. 15 mill kroner.

I tillegg til at dei frie inntektene vil bli redusert vil utgiftene til løns- og prisvekst, rente- og avdragsvekst etc gjere Herøy kommune sitt handlingsrom endå mindre.

Slik det ser ut no vil det bety at ein må ta omsyn til følgjande element for å finne den samla ramma til avdelingane i 2015:

Rentekostnader:	- 18.000.000,- kr (eks husbank og VAR området)
Avdrag:	- 21.500.000,- kr (minsteavdragsprinsippet)
Aktiv forvaltning	5.000.000,- kr
Avskr., renter, mva etc	7.000.000,- kr (inkl 3,0 mill kr i rentekomp)
Totalt	- 27.500.000,- kr

Utbytte frå Tussa har vore ustabilde dei siste åra og selskapet ar meldt om dårlege prognosar for utbytte i åra som kjem. Ein har difor valgt å ikkje ta omsyn til desse inntektene i budsjett 2015.

Til bruk i drifta inkl. nye tiltak (drift og finanskostnader) vert då kr 413.100.000,-.

3. KONSEKVEN SAR AV ØKONOMIPLANEN

Økonomiplanen for perioden 2014 - 2017 vart handsama samstundes med at budsjettet for 2014 vart vedteke. Per dags dato er ikkje alle investeringstiltaka i budsjettet for 2014 gjennomført og fleire er heller ikkje oppstarta. Det gjer at ein må finansiere desse prosjekta på nytt gjennom ei budsjettendringssak til formannskap/kommunestyre hausten 2014.

Det er gjort vedtak om tiltak i 2014 som får konsekvensar for drifta i 2015 og i resten av økonomiplanperioden. Ein ber om at den ein skilde avdeling skisserer kva politiske vedtak som er gjort i 2014 som har økonomiske konsekvensar for 2015 budsjettet.

Ein ber om at alle vedtak som er gjort, og som vil få verknad for budsjett 2015 og økonomiplan 2015 - 2018, vert kartlagt og teke med i framlegga frå resultatavdelingane – *ved å opprette dei som nye tiltak i Arena.*

Etter som dei økonomiske føresetnadane er endra, må investeringstiltaka i økonomiplanperioden vurderast nærare i budsjett-/økonomiplanhandsaminga. Kommunen sin økonomi tilseier at nye investeringar som fører til auka låneopptak utan å frigjere drift eller til auka inntekter bør reduserast til eit minimum.

3.1 Rammer - Bruttobudsjettering

Mange organisatoriske endringar og fleire rekneskapsmessige endringar (mva kompensasjon etc) har gjort det vanskeleg å tildele kvart enkelt ansvarsområde/avdeling egne rammer.

Realiteten er at driftsnivået må reduserast ein god del i 2015 og i resten av økonomiplanperioden då det er sannsynleg at kommunane sine oppgåver vil auke i omfang, medan dei økonomiske ressursane vil bli redusert.

Ein legg opp til at avdelingane budsjetterer etter dagens driftsnivå når det gjeld løn i faste stillingar (lønsheimlane) og at dette inneheld dei føringane ein har lagt med omsyn til innhaldet og føresetnadane i dette rundskrivet. Avdelingane må kritisk gå gjennom alle driftsutgifter og driftsinntekter med sikte på innsparingar og meirinntekter. Rekneskapsen for 2013 og budsjettkontrollane hittil i 2014 kan vere til hjelp for denne gjennomgangen. Avdelingane får difor ikkje tildelt noka ramme i denne omgang, men endeleg ramme vil verte fastsett basert på ein kritisk gjennomgang av driftsutgifter og driftsinntekter i den enkelte avdelinga.

I budsjett 2015 krev rådmannen at budsjett 2015 ikkje skal endrast i høve til det som er utarbeida frå økonomiavdelinga i Arena. Alle endringar skal gjerast gjennom å opprette nye tiltak. Dette blir då å sjå på som forslag til driftsreduksjonar, forslag om auka løyvingar på ein skilde utgiftspostar, inntektsauker osv.

I K-sak 59/08 vart det vedteke at budsjettet frå og med 2009 skal vere på bruttonivå. Det vil seie at både utgifts- og inntektsramma vert fastsett og vedteke i kommunestyret. Det er difor viktig at ein budsjetterer desse rettast mogeleg (t.d. lik momskompensasjon både på utgifts- og inntektssida).

3.2 Nærare om budsjettføresetnadane

Ein har valt å legge vekt på desse faktorane i konsekvensjustert budsjett for 2015:

- Avsetjing til KLP vert 17,25 % av pensjonsgrunnlaget.
- Avsetjing til KLP sjukepleieordninga vert 17,25 % av pensjonsgrunnlaget
- Avsetjing til SPK vert 12,25 % av pensjonsgrunnlaget.
- Lagt inn 2% prisvekst på dei fleste 1100 og 1200 postane
- Lønsvekst er lagt inn med 2,5% frå 01.01.2015 (dvs årslønsvekst på 3,75%)

(Dette vert lagt inn sentralt – lønsbudsjettet er oppjustert etter lønsjustering per 01.05.2014. Unntaket er lærarar og verknadane av lokale forhandlingar hausten 2014)

Løns- og prisveksten for 2015 er høgst usikker og eit skikkeleg anslag på nivået får ein først ved framlegginga av statsbudsjettet for 2014. Det er imidlertid slik at kostnadar knytt til oppvarming/lys og VAR området aukar vesentleg meir enn andre prisar.

Når det gjeld det lokale lønsoppgjeret som skjer hausten 2014 tek vi med potten i ei eiga løyving og fordeler det ut på avdelingane ved eit seinare høve. De skal altså ikkje ta omsyn til lønsvekst lokale forhandlingar i dykkar budsjettoppsett.

Vi kjenner ikkje heilt til kva prosentsatsar vi skal bruke når det gjeld pensjonstrekket til KLP og SPK. Vi har førebels sett inn 17,25% på KLP og 12,25% på SPK (arbeidsgjevar sin del). Dette vil ein endre sentralt når ein får opplysningar om kva satsar som skal nyttast.

Hugs at det skal svarast arbeidsgjevaravgift også av pensjonsutgiftene, men både pensjonskostnadar og arbeidsgjevaravgifta skal bli rekna ut automatisk og den vil også bli endra automatisk ved endringar i lønsgrunnlaget

Målsetjinga må vere å gjere situasjonen best mogeleg med minst mogeleg konsekvens for brukarane.

3.3 Planlegging av nye tiltak

Nye tiltak som ein ynskjer å ha med i budsjett 2015 og/eller økonomiplanen for 2015 - 2015 skal planleggjast i god tid, slik at dei er fullstendig utgreidde til handsaminga av årsbudsjett/økonomiplan. Dei skal framstillast slik at samla økonomiske konsekvensar av tiltaket går klårt fram. Det er særskilt viktig å få fram økonomiske konsekvensane ved alt som vert sett i gang i tida som kjem. Forslag som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd vert ikkje rekna som prioritert. Eit enklare alternativ er at ein nyttar det materialet som vart lagt fram til arbeidet med økonomiplanen.

Den økonomiske situasjonen for kommunen gjer at svært få tiltak, som ikkje er sjølvfinansierande, kan bli realisert. Ein ber difor om realisme kring dette. Det vert forventa at avdelingane utviser kreativitet og prøver å finne rom for nødvendige tiltak innanfor eiga ramme eller i samarbeid med andre. Det er no nødvendig å gjere omprioritering av andre driftsendringar for å balansere dagens drift før ein kan tenkje på nye tiltak.

4. SALDERINGSPROSESSEN

Skatt, rammetilskott og finans har tradisjonelt blitt budsjettert særskilt offensivt dei siste åra, noko som også viser seg å vere gjeldande for inneverande år. KS sin skatteprognose for 2015 er dessverre sett for høgt for Herøy

kommune sin del basert på det vi kjenner per data og vi har difor justert ned skatteanslaget. Skatt og rammetilskott er elles basert på KS sin modell frå juni 2014.

Vi må erkjenne at den utfordringa som vi arbeida innleiingsvis med i 2014 budsjettet dessverre viser seg å bli ein realitet for rekneskapen 2014. Det har blitt budsjettert med eit høgare kostnadsnivå enn det Herøy kommune kan klare å aksle over tid. Dette vil tære unødig stort på dei bufferfond vi har i dag.

Sidan estimert rammeoverføring er lågare enn budsjett 2014 vil dei budsjettala som vert lagt inn vere større enn samla disponibel ramme. Eg ber dykk difor om å vurdere tiltak for å redusere dagens driftsnivå på dei områda der konsekvensane av ein driftsreduksjon vert minst mogleg, med fokus på lovpålagde tenester og starte med tiltak som også vil ha økonomiske effekt over mot 2016 budsjettet også.

Tiltak for å redusere netto ramme skal grupperast etter følgjande prinsipp:

1. Strukturendring i organisasjonen ved samanslåing av einingar.
2. Auka inntekter
3. Redusere eller ta bort tenester som ikkje er lovpålagde
4. Reduksjon i kvalitet, omfang eller legge ned definerte tenester
5. Planlegge for bemanningsreduksjon/reallokering av personalressursar ved naturleg avgang/opphør av arbeidsforhold.
6. Sal av ulønnsame bygg/eigedomar som vil gi reduserte finans- og driftsutgifter

Vert det stort gap i balansesituasjonen, så må ein vere budd på at vi må redusere rammene til enkeltavdelingar mykje for å oppretthalde primærtenestene til kommunen.

Det skal vurderast om samanslåing av einingar kan hente ut nødvendig organisatorisk rasjonaliseringsgevinst, eller lågare driftskostnad totalt.

Den er særskilt punkt 5 som utfordrar organisasjonen ut over tidlegare budsjettprosessar. Planlagt nedbemanning over tid krev gode handlingsreglar for prioriteringar av korleis vakanse skal handterast. Her er det særskilt grunnlag for å jobbe med prosess og involvering, og jobbe fram ei oversikt over forventa naturleg avgang for 2015 og prioriteringar knytt til både dette og andre grunnar for at stillingar blir vakante. I budsjettprosessen vil det bli nedsatt ei eiga arbeidsgruppe som skal gi innstilling til budsjetthandsaming i kommunestyret i desember. Tillitsvalte skal delta i denne arbeidsgruppa.

Det er viktig å understreke at ingen stillingar skal bli sagt opp som fylgje av nedbemanning, men at vi må planlegge prioriteringar i forkant av dei personellmessige endringar som er naturlege og mulige. Vi vil møte på mange utfordringar då det er klare behov som litt til grunn for dei stillingar vi har, og dei er godt innarbeidde i organisasjonen vår. Dette vil utfordre oss i å finne nye løysingar på etablerte funksjonar og arbeidsoppgåver.

Ut over justering til estimert budsjettamme skal alle avdelingane utgreie 2-5 tiltak som vil gi ytterlegare redusert ramme, enten knytt til auka inntekter eller reduserte utgifter. Samla bør dette utgjere minst 1% av netto tilgjengeleg ramme for budsjett 2015.

Avdelingane må i budsjettarbeidet gjere spesielt greie for inntektssida. Herøy kommune har ved fleire høve hatt ein forsiktig prisvekst på sine tenester, og for budsjett 2015 må prisane justerast høgare enn utviklinga i konsumprisindeksen.

Referanse: Tolvmånedersendringen i KPI var 1,9 prosent i juni 2014.

Leiarane for støttefunksjonane (personal- og organisasjonsavdeling, økonomiavdelinga) samt servicetorget og ass. rådmann (IKT, fellessekretariat, og kommunalt innkjøp) skal utarbeide tilsvarande forslag for sine område. Budsjett skal utarbeidast på same mal, og innehalde talbudsjett og kommentardel.

Det blir ikkje fremja forslag i budsjettsaka for innføring av eigedomsskatt.

5. BUDSJETTPROSESSEN

5.1 Budsjetteringsprogram

Økonomiavdelinga vil i årets budsjettprosess på nytt bruke ARENA budsjettprogramvare. Det vil bli gitt nødvendig opplæring i dette for dei som ynskjer det, og formålet er å forenkle og effektivisere budsjettprosessen – over tid.

5.2 Årsbudsjettet er ein fullstendig arbeidsplan for året.

Budsjettet skal vere ein fullstendig arbeidsplan for året. Her skal den daglege drifta takast med. Like eins skal ein her gjere greie for evt. avviklingar av eksisterande verksemder/tiltak og planlegging av nye verksemder/tiltak.

5.3 Tiltak

Framstilling av råbudsjettet, og framskrivning av pris- og lønveksten skjer sentralt på bakgrunn av opprinneleg budsjett 2014. Avdelingsleiarane syter for ajourføring av endringar i 2015 budsjettet (basert på t.d. nye politiske vedtak) samt kommentardelen.

Oppsummering/konsolidering av råbudsjettet. Utforming av eit heilskapeleg budsjett. Rådmann har ansvaret. Budsjettet vil verte drøfta i leiargruppa og formannskapet undervegs.

Politisk drøfting/samling

- råbudsjettet
- rammer i statsbudsjettet
- utfordringar og saldering/prioritering

Parallelt med budsjettarbeidet skal avdelingsleiarane førebu enkeltsaker om endringar i avgifter og betalingssatsar for politisk handsaming. Dersom det vert foreslått endringar i føresegner må det takast omsyn til dette i førebuinga (jmf. forvaltningslova).

6. FRAMSTILLINGSMÅTE - DOKUMENTASJON

Budsjettdokumentet vert utforma med etatane sine utdjupa kommentarar og grunngjevingar i eit eige vedleggshefte.

Avdelingane skal bl.a. skissere:

- vedleggshefte med avdelingsforslag
- lovendringar, oppgåveendringar og endringar i målgruppene
- utfordringar og overordna vurderingar
- konsekvenser av vidareføring av verksemda
- konsekvensar ved omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester
- forslag til endringar og nye tiltak
- kommentarar til drift og kapital

Dei budsjettansvarlege skal i sine budsjettforslag vise **nye heimlar** som vert foreslått oppretta. Det er ikkje likevel ikkje rom for "nye stillingsheimlar" i budsjett 2015. Dette er ei kontinuerlig utfordring som må stå i relasjon til det samfunnsoppdrag som ligg i føringar frå statleg hald, og i dei planar som er vedtatt av kommunestyret i Herøy kommune.

Avdelingane skal utarbeide eit organisasjonskart som viser korleis eige ansvarsområde er organisering og ansvar fordelt. Rådmannen legg fram mal på dette. Organisasjonskartet skal vise kven som har personalmynde, og kor mange heimlar i prosent/antal tilsette som ligg til kvart einskild ansvarsområde.

Budsjettering av løn (fast, variabel og alle tillegg) skal nøye kvalitetssikrast av avdelinga og personalavdelinga (opp i mot det framskrevne budsjettet).

Hugs å bruke årsrapporten for 2013 samt tilgjengelege KOSTRA tal i arbeidet.

I tillegg kjem nokre særlege tilhøve som vil verte lagt vekt på i arbeidet med budsjettet og som avdelingane må vere merksame på:

- budsjettering av sjukepengar (skal ikkje budsjetterast – heller ikkje vikarutgifter ut over arbeidsgjevarperioden)
- mva kompensasjon (sjekke at inntektsposten er like stor som utgiftsposten. 14290/17290)

7. ØKONOMIPLANEN 2015-2018

Økonomiplanen for perioden 2015 - 2018 skal også handsamast i desember 2014.

Ein ber spesielt om at de utgreier eventuelle nye tiltak på drifts- og investeringssida. Det vert særskilt presisert at det ikkje er rom for nye tiltak utan at det vert gjort driftsomleggingar, omprioriteringar og eller kutt i tenester.

8. ARBEIDSPLAN

Budsjettet for år 2015 og økonomiplanen for 2015-2018 må utformast og presenterast etter slik framdriftsplan:

TID/FRIST	OPPGÅVE	ANSVAR
Aug./Sept.	Drøftingar i leiargruppa	Rådmann
September	Informasjon til /drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane	Rådmann
22.09.2014	Avdelingane utarbeider sine budsjett i Arena	Avdelingsleiarane/ Budsjettansvarlege
	Økøkonomiavdelinga syter for kopiering av budsjett 2014 Til budsjett 2015 med pris og lønsvest som skissert i dette dokumentet.	
18.10.2014	Utforming av heilskapeleg budsjettframleg og framlegg til økonomiplan 2015 - 2018 - fullstendige budsjettkommentarar vert utforma - vedleggsheftet (budsjettkommentarane) vert utforma - rapportar og detaljbudsjett vert utarbeida (same prosedyre vert gjort for økonomiplanen)	øk.leiar/rådm.
Okt/nov	Formannskapet handsamar budsjett og økonomiplan og kjem med tilråding til kommunestyret.	formannskapet
18.11.2014	Formannskapet vedtek tilrådinga til kommunestyret (kan ha eit ekstra formannskapsmøte seinast 26.11.2013)	
27.11.2014	Budsjett og økonomiplan vert lagt ut til offentleg ettersyn (annonse i Vestlandsnytt)	økonomileiar
11.12.2014	Kommunestyret handsamar budsjett og økonomiplan.	kommunestyret

(Formannskapet har høve til handsaming i fleire møte fram til innstillingsmøtet)

Ein tek atterhald om at statsbudsjettet for år 2014 kan medføre endringar i rammer og opplegg for det vidare arbeidet. Ein ber om at de alle prøver å sette dykk inn i det materialet kommunen får tilsendt i samband med budsjettarbeidet (t.d. "Grønt hefte") når det måtte ligge føre.

Dette rundskrivet vert også sendt til Kyrkja som føringar for deira ramme frå kommunen for perioden 2015 - 2018. Rundskrivet vert lagt fram som orienteringssak for formannskapet i august 2014. Når det gjeld prosessane omkring budsjett- og økonomiplanarbeidet vert det synt til arbeidsplanen. Spørsmål kan rettast til økonomileiar og/eller rådmannen.

Med helsing

Erlend Krumsvik
Rådmann



Til
Komité for oppvekst
Formannskap
Kommunestyre

Leikong 27. juli 2014

Vi ønskjer barnehage på Leikong!

I sak 8/14, (arkivsak 2014/750), tilrår rådmannen å byggje 5 nye småbarnavdelingar ved Myrvåg barnehage (til saman 8 avdelingar). Samtidig viser rådmannen til at han ønskjer å leggje ned barnehagen på Leikong.

Leikong er ei bygd i stor vekst. Barneskulen på Leikong illustrerer dette godt med ein auke i elevtal frå rundt 50 til nærmare 80 elevar på få år.

Det har i fleire år vore for få barnehageplassar på Leikong. Ei oversikt frå 2012 viste at det var rundt 60 born i barnehagealder på Leikong, der 18 fekk plass i Leikanger barnehage, medan om lag 25 gjekk i Myrsnipa. Året etter vart Leikanger barnehage utvida med 11 nye plassar. Om lag 26 born fekk då plass på Leikong medan ca. 15 born gjekk i Myrsnipa.

Vi er ei foreldregruppe på Leikong som ser positivt på at det vert satsa på barnehage i indre Herøy. Samstundes som vi ser behovet for utbygging, er vi ikkje samde i at ein stor barnehage for alle borna i indre Herøy er det rette svaret.

Vi ber derfor politikarane i Herøy om å vurdere følgjande:

1. Leikong er ei bygd som er attraktiv for tilflyttarar. Innbyggjarveksten kjem frå både utflytta Leikongarar som vel å kome attende og reine tilflyttarar. Leikongbygda er unik, med flott natur, skog, fjell og skjergard og sentralt med kort veg til både Fosnavåg, Ulsteinvik, Volda, Ørsta og Sande.

For oss som har flytta til Leikong er eit av dei viktigaste momenta for val av buplass tilbod om barnehage og skule i bygda.

Barnehagen er ein viktig integreringsinstitusjon for oss som kjem til bygda. Foreldre og born vert kjende med kvarandre og det er med å skape det gode samhaldet vi finn her på Leikong. Barnehagen er med å byggje eit godt lokalsamfunn der folk trivst. Med Herøy kommune si satsing på vekst jf., Herøyløftet, er det etter vårt syn uheldig å fjerne barnehagen som er så viktig for kvar ein vel å busetje seg når ein er i etableringsfasen.

2. Vi opplever at samlokaliseringa av barnehage og skule på Leikong er ei styrkje for borna. Borna på Leikong kjenner både lærarar og andre elevar lenge før skulestart og overgangen frå barnehage til skule går naturleg, lett og trygt. Vi meiner at tryggleik er den viktigaste faktoren for læring, utvikling og helse.

3. Det er planlagt 5 avdelingar med felles uteområde, i tillegg til dei 3 eksisterande avdelingane i Myrvåg. Fleire av oss foreldre er bekymra for å sende barna til ein så stor barnehage. Det vil difor for enkelte vere aktuelt å vurdere alternative løysingar.
4. I saksutgreiinga peikar rådmannen på at ein ny barnehage i Myrvåg vil vere helsefremjande. Vi meiner at høve til å hente borna til fots eller med sykkel er gunstig for folkehelse og miljø. Jf. også Herøy kommune si målsetjing om redusert utslepp frå korte personbilreiser i klimaplanen. Vidare viser vi til at Leikanger barnehage sin nærleik til naturområde også er positivt for borna si helse, jf. mange turar til fjøra og faste turar til nyleg oppført gapahuk i Kleppefurene der borna får utfalde seg.
5. Rådmannen viser til at ei nedlegging av barnehagen på Leikong frigir lokale til skuleundervisning. Vi viser til at skuleleiinga har påpeika at barnehagelokala ikkje er ei god løysing som skulelokale.

Vi ønskjer eit balansert barnehagetilbod i Herøy. Med ei utviding til om lag 50 plassar ved Leikanger barnehage vil alle frå bygda som ønskjer det kunne få plass lokalt. Det vil også gje eit større pedagogisk miljø.

Vi foreslår at det vert utarbeidd eit mogleighetsstudie for enten utviding av eksisterande lokale, eller nye lokale til barnehage.

Det er etablert ei arbeidsgruppe som ser på utviding og utvikling av Leikanger grendahus. I den samanheng ser ein at det truleg er mogeleg å byggje ut relativt store areal, nært knytt til eksisterande bygningsmasse. Kanskje kunne ein vinn-vinn situasjon for alle vere å tenkje samla utviding med utstrekt sambruk for grendahus, skule og barnehage?

Leikanger barnehage har eit godt tilrettelagt uteområde, tilgang til gymsal og ein har ein flott gapahuk som er mykje i bruk. Vidare har barnehagen eit dyktig og stabilt personale, noko som fremjar læring, trivsel og tryggleik for borna. Dette er kvalitetar som vi ønskjer å vidareføre!

Vi håper de ser mogleighetene og ikkje avgrensningane!

Venleg helsing

For Foreldrerådsstyret ved Leikanger barnehage:

Tore Hasund, Winnie Støylen, Heidi Mundal, Stian Jøsok, Siv Midtlien, Irene Winsnes

Ps! Vi legg også ved eit brev som i 2012 vart sendt brev til Herøy kommune i samband med budsjettarbeidet, sidan ingen av momenta i dette brevet har kome med i saksutgreiinga til rådmannen.

Fra: postmottak
Sendt: 5. august 2014 15:48
Til: Arkiv
Emne: FW: Opent brev til komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret

Helsing

Þý H E Rýý Y K O M M U N E
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: siv@midtlien.com [mailto:siv@midtlien.com]
Sendt: 5. august 2014 15:40
Til: postmottak
Emne: Opent brev til komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret

Hei
Þý E g s e n d e r m e d d e t t e o p e b r e v f r ýý f o r e l d r
Þý v e d r ýý r a n d e s a k 8 / 1 4 , (a r k i v s a k 2 0 1 4 / 7 5 0)
i komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret i samband med den komande
Þý h a n d s a m i n g a a v s a k a . S j ýý v e d l e g g

Venligst bekreft.

Beste helsing
Siv Midtlien

Opent brev til Formannskapet i Herøy kommune i høve budsjettarbeidet 2012.

La oss få behalde barnehagen på Leikong!

I Vestlandsnytt tysdag 6.november 2012 tilrår rådmann Erlend Krumsvik ei kraftig utviding av barnehagekapasiteten i Myrvåg ved å byggje ein ny barnehage på den gamle skuletomta. Rådmannen anslår at det totalt vil bli 120 plassar på dette relativt avgrensa området.

Barnehageleiar Laila K. Solhaug stiller seg positiv til initiativet og fylgjer opp med å sannsynleggjere nedlegging av Leikanger og Moltu barnehage.

Foreldreutvalet ved Leikanger skule og Leikanger barnehage ser behovet for utbygging av barnehage, ikkje minst fordi vi ser mengda av born frå bygda vår som står på venteliste. Per i dag er talet på born frå bygda med rett til barnehageplass rundt rekna 60 born. Av dei går 18 i Leikanger barnehage og omlag 25 av dei går i Myrsnipa barnehage. Samstundes som vi ser behovet for utbygging, er vi ikkje samde i at ein stor barnehage for alle ungane i indre Herøy nødvendigvis treng å vere det einaste rette svaret.

Samlokaliseringa av barnehage og skule på Leikong har vore ei styrkje for borna. Og ein ser at stadig fleire rapportar konkluderer med at samarbeidet mellom desse to institusjonane er særleg viktig for kvaliteten på vidare skulegang. Her viser vi mellom anna til Fylkesmannen i Rogaland sin sluttrapport på prosjektet *Skole + barnehage = sant* og kunnskapsdepartementet sin vegleiar: *Frå eldst til yngst*. Dei borna som går andre stadar er avhengige av større resursbruk for å få bygd opp tilsvarende trygghet og tillit til skulen før skulestart. Ungane på Leikong kjenner både lærarar og andre elevar lenge før skulestart og overgangen går naturleg, lett og trygt. I tillegg viser rapportar at mellomstore barnehagar har den beste kvaliteten og at det sjeldan er ei styrke for borna med for høgt tal born på eit avgrensa område, slik Myrvåg-prosjektet kan sjå ut til å bli. Her kan vi mellom anna vise til IRIS-rapporten: *Barnehagenes organisering og strukturelle faktorers betydning for kvalitet*. (Kunnskapsdepartementet 2011)

Representantane for foreldreutvala har fått framlagt fleire ulike forslag til løysingar på moglege utbygging av området ved Leikanger skule, som er tenleg for både barnehage og skule. Det er heilt klart at det ikkje berre er mangel på barnehageplassar, men at det om få år vil verte for liten plass på skulen også. Her trengst kanskje ikkje så veldig store grep for å få til ei tilfredsstillande løysing.

Foreldreutvala vel å sjå veksten i årskulla som noko positivt og gleder seg over å vere ein del av ei bygd i vekst. Vi har eit trygt og nært oppvekstområde vi vil behalde og gjerne utvide.

Leikongbygda er i dag eit attraktivt område for eventuelle innflyttarar til Herøy. Den positive veksten kjem kanskje ikkje så lett til syne, då det ikkje er så stor utbygging på dei kommunale tomtene i Feirelida bustadfelt. Likevel ser vi på den stadige auka av born i skuleklassene at her er ganske stor tilflytting. Eit bra eksempel er borna som er fødte i 2007, og som skal byrje i fyrste klasse hausten 2013. Ved utgangen av 2007 var her ni-ti born i dette kullet. No reknar dei heile 16 born, det vil sei ei tilflytting på vel seks born i berre eitt einaste årskull.

Vi har i dag ei bygd med yrande liv, her er eit grendahus som kvar einaste ettermiddag og kveld er fullt opp med aktivitetar for folk i alle aldrar. Den nye kunstgrasbana som er under opparbeiding vil bli eit nytt positivt tilskot ved skuleområdet. Ei betre og meir tilfredsstillande trafikk-løysing i tilkomsten til skulen er allereie på budsjettet og er under planlegging.

Det er liten tvil om at Leikong i dag er eit attraktivt område å busette seg i. Her har vi det meste ein kan ynskje seg, vere seg barnehage, skule, aktivitetar for born og vaksne, natur både på fjellet og ved sjøen og eit positivt og lojalt samhald blant innbyggerane.

Vi trur at med litt hjelp frå kommunen, slik at vi kan behalde barnehage og skule, kan vi fortsette å vere ei tiltalande bygd i vekst, og at vi kan vere med på å oppnå målet om å nå 10 000 innbyggjarar i Herøy kommune innan 2020.

På vegne av foreldra i Leikanger barnehage og Leikanger skule:

Tore Hasund
leiar FAU Leikanger barnehage

Solveig Roaldsetli Bakken
leiar FAU Leikanger skule

R-fsk

Olaus-Jon Kopperstad

Til: Arnulf Goksøyr; Camilla Storøy Hermansen; Olaug Andreassen; Bjørn Otterlei (bjorn@polarsea.no)
Kopi: Jarl Martin Møller; Ole Magne Rotevatn
Emne: Strategisk næringsplan

Det har vore stilt spørsmål om komite for næring, kultur og idrett har fullmakt til å oppnemne arbeidsgruppe i samband med revidering av strategisk næringsplan.

I reglementet for Herøy formannskap m.m. vedtatt i K-sak 79/12, tek eg med frå § 6.1:

**«§ 6 KOMITE FOR NÆRING, KULTUR OG IDRETT SINE OPPGÅVER
6.1 Saksområde**

Komiteen skal ha spesielt fokus på utvikling av lokalsamfunnet.

Komite for næring, kultur og idrett får på vegne av kommunestyret følgjande ansvar og mynde:

- Strategisk næringsutvikling/næringsetablering
- ...»

Frå § 10 Møteinnkalling m.m. tek eg med 5. avsnitt:

«For utgreiing av spesielle saker m.m. kan formannskapet eller dei andre komiteane nemna opp arbeidsutval /ad hoc-utval. Også tenestemenn o.a. som ikkje er politisk valde, men som sit inne med særleg fagkunnskap, kan vera med i slike utval. Møte i formannskap / komiteane er opne for publikum, om ikkje sakene er fortrulege, jfr. REGLEMENT FOR HERØY KOMMUNESTYRE.»

Eg håper at dette er avklarande.

Helsing

OLAUS-JON KOPPERSTAD
Assisterande Rådmann

7008 1300/ 7008 1304

www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/916	Saksbeh. OMR
- 7 JULI 2014	
Ark.kode P	141
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 7
Kassasjon	